



TYSVÆR KOMMUNE



Kommuneplanen 2015-2027 OMTALE AV AREALDELEN

Kommuneplanrevisjon for Tysvær kommune
Vedtatt 08.09.15
Planperiode 2015-2027

Føreord:

Kva slags Tysvær ønskjer oss i framtida ?

Dette er det sentrale spørsmålet vi har stilt oss i arbeidet med kommuneplan 2015-27.

I kommuneplanen gir vi rammer og føringer for kommunen som samfunn og organisasjon dei neste 12 åra.

Tysvær skal vere ein velferdskommune som gir tenester med god kvalitet til innbyggjarane, samtidig som vi skal vere ein god arbeidsplass som kan konkurrere om dei beste arbeidstakarane.

Vi skal fange opp nye impulsar og behov i samfunnet, og legge til rette for at private og offentlege aktørar kan bidra til å skape det gode liv i Tysvær.

Oppgåvene er mange og utfordrande. Med god samhandling og samarbeid mellom administrativt og politisk nivå, og med aktørar lokalt og regionalt, har vi tru på at vi i fellesskap kan skape ein god og framtidsretta kommune som tilbyr tenester med høg kvalitet til innbyggjarar og næringsliv.

Strategiane og arealbruken i kommuneplan 2012 er i hovudtrekk vidareført i ny kommuneplan.

Planstrategien og planprogrammet godkjent av kommunestyret i juni 2013 gav rammer for dei planendringane som nå er gjort. Gjennom folkemøter og innspel har innbyggjarar og andre sagt si meining om kva som var viktig å vurdere og endre.

Samfunnssdelen og arealdelen er nå oppdatert i tråd med vedtak i enkeltsaker og kva vi som kommune ønskjer å prioritere. Det er vårt ønske at føringer og arealbruk i ny kommuneplan kan bidra til utvikling og vekst i kommunen.

Vi inviterer til dialog og samarbeid med alle gode krefter rundt oss i arbeidet med å realisere og detaljutforme planar og strategiar gitt i kommuneplanen.

Aksdal, 08.09.2015

Harald A. Stakkestad

Ordførar

Arvid S. Vallestad

Rådmann

INNHOLD

1 INNLEIING	7
1.1 BAKGRUNN	7
1.2 HEIMELSGRUNNLAG	7
1.3 FORHOLDET TIL OVERORDNA PLANAR	7
1.3.1 Nasjonale føringer	7
1.3.2 Regionale føringer	8
1.3.3 Kommunale føringer	9
	9
1.4 FORHOLDET TIL LOKALE PLANAR	9
1.5 OPPBYGGING OG PLANDOKUMENT	9
1.5.1 PLANKART OG FØRESEGNER	9
1.6 ORGANISERING	10
1.7 FRAMDRIFT	10
1.8 DELTAKING	12
1.8.1 INFORMASJON I FORKANT	12
1.8.2 FOLKEMØTER	12
1.8.3 INNSPEL	12
1.8.4 MØTE MED OVERORDNA MYNDIGHEITER	12
1.8.5 HØYRING	12
1.9 PLANARBEIDET	13
1.10 KONSEKVENSUTGREIING (KU) OG RISIKO- OG SÅRBARHEITANALYSE (ROS)	13
2 AREALDELEN	14
2.1 INNLEIING	14
2.2 TEMA SOM ER REVIDERT	14
2.2.1 AREALFORMÅL	14
2.2.2 FRITIDSBUSTADER	15
2.2.3 FRITIDS- OG TURISTFORMÅL	17
2.2.4 KOMMUNALE BEHOV	17
2.2.5 NAUST	17
2.2.6 SMÅBÅTHAMNER	19
2.2.7 AKVAKULTUR OG ANNA UTNYTTING I SJØ	19
2.2.8 ANDRE ENDRINGER I PLANKARTA	19
2.3 OMSYNSSONER	20
2.3.1 KJERNEOMRÅDE LANDBRUK	20
2.3.2 OMSYNSSONE KULTURMILJØ	20
2.3.3 FUNKSJONELL STRANDSONE	20
3 SUM VERKNAD AV PLANEN	21
3.1 OVERORDNA OMSYN	21

3.2 BUSTADBYGGING OG SENTERUTVIKLING	21
3.3 KONSEKVENSUTGREIING	22
VEDLEGG	25
VEDLEGG 1 - PREMISSDOKUMENT	25
VEDLEGG 2: METODE FOR KU OG ROS	33



Foto: Tysvær kommune

1 INNLEIING

1.1 BAKGRUNN

Alle kommunar er gjennom plan- og bygningslova (pbl) pålagde å utføra ei kontinuerleg kommuneplanlegging. Viktige oppgåver og mål lagt til kommunane skal visast i kommuneplanen. Denne skal jamleg vurderast revidert slik at oppgåver og mål kan gjennomførast. Frå pbl § 11-1 følgjer det at:

"Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn".

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna plandokument, der arealdelen spesielt skal syna ei langsiktig arealdisponering på land og i sjø. Nye tiltak skal skje i samsvar med planen. Kommuneplanen viser framtidig arealbruk og gjenspeglar framtidvisjonane til kommunen. Kommunen skal som ein del av kommuneplanarbeidet, gjennom planstrategi og planprogram, ta stilling til kva slags utvikling ein ønskjer i kommunen.

I førre kommuneplanrevisjon (KP2012) vart det fokusert på bustader og næringsområder. Desse arealformåla er ikkje tema i denne revisjonen. Fritidsbustader, naust, småbåthamner og sjøområder vart ikkje vurdert i førre revisjon, og er hovudtema i denne revisjonen. Med bakgrunn i det politisk vedtekne planprogrammet er målsetjinga mellom anna å leggja til rette for Tysvær som ein attraktiv fritids- og reiselivskommune. Den nye kommuneplanen (KP2015) har ein tidshorisont fram til 2027.

1.2 HEIMELSGRUNNLAG

Kommuneplanen er heimla i pbl kapittel 11. Planen er sett saman av ein samfunnsdel og ein arealdel. Arealdelen er i sin tur delt inn i planomtale, plankart, planføresegner med retningslinjer og andre vedlegg. Plankart og føresegner er den juridisk bindande delen av kommuneplanens arealdel med rettsverknad etter pbl § 11-6.

Retningsliner er rettleiande og kan ikkje nyttast som heimelsgrunnlag for vedtak i seg sjølv. Retningslinene skal i tillegg til føresegner gi haldepunkt i praktiseringa av planen, til dømes som grunnlag for utøving av skjønn når ein skal vurdera planar og tiltak etter planen.

1.3 FORHOLDET TIL OVERORDNA PLANAR

Nasjonale, regionale og kommunale føringar skal leggjast til grunn for arbeidet med kommuneplanen. Følgjande dokument er nokre av dei viktige overordna dokumenta for kommunal planlegging.

1.3.1 Nasjonale føringar

Plan- og bygningslova, plandelen

Plan- og bygningslova av 2008 er det loverket som i størst grad styrer arealforvaltninga. Lova gir kommunane pålegg om å utarbeide kommuneplan, og har krav til innhald og utforming.

Andre lover og forskrifter

- Jordlova
- Naturmangfaldlova
- Havne- og farvannslova
- Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom
- Forskrift om konsekvensutredninger
- Forskrift om rikspolitisk bestemmelse om kjøpesentra
- Lov om kommunal beredskapsplikt
- Dimensjoneringsforskriften

Rikspolitiske retningslinjer

Med heimel i plan- og bygningslova §6 har regjeringa vedtatt fleire rikspolitiske retningslinjer (RPR) for planlegging i kommunane. Mest aktuelle for Tysvær kommune er:

- RPR for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga.
- RPR for samordna bustad-, areal og transportplanlegging
- RPR for behandling av støy i arealplanlegginga
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjø
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging



Foto: Tysvær kommune

Stortingsmeldingar

Viktige statlege mål som på denne måten blir formidla ut til nasjonen:

- St.meld nr 29: Regional planlegging og arealpolitikk (1996 – 97)
- St.meld nr 31: Distrikts- og regionalpolitikk (1996-97)
- St.meld nr 58: Miljøvernpolitikk for ei berekraftig utvikling (1996-97)
- St.meld nr 29: Energipolitikk (1998-99)
- St.meld nr 30: Kultur for læring (2003-2004)
- St.meld nr 48: Havbruk – en drivkraft i norsk kystnæring (1994-95)
- St.meld nr 19: Norsk landbruk (1999-2000)
- St.meld nr 23: Bedre miljø i byer og tettsteder (2001–02)
- St.meld nr 16: Folkehelsemeldinga (2002-03)
- St.meld nr 21: Regjeringsas miljøvernpolitikk (2004-05)
- St.meld nr 34: Norsk klimapolitikk (2006-07)
- St.meld.nr. 10 (2011-2012): Kultur, inkludering og deltaking
- St.meld nr 43: Vern og bruk i kystsona (1998-99)
- St.meld.nr. 25 (2005-2006): Mestring, muligheter og mening. Framtidas omsorgsutfordringer
- St.meld.nr. 21 (): Norsk klimapolitikk
- St.meld.nr. 25 (2012-2013): En helhetlig integreringspolitikk
- St.meld.nr. 17 (2012-2013): Byggje, bu, leve
- St.meld.nr. 29 (2012-2013): Morgendagens omsorg
- St.meld.nr. 33 (2012-2013): Klimatilpasning i Norge

1.3.2 Regionale føringer

Regionale planar som gir føringer for planlegging i kommunane og som skal leggast til grunn for kommande kommuneplanar er:

- Fylkesplan for Rogaland 2006-2009 (vedtatt 2005)
- Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet (vedtatt 2004)
- Fylkesdelplan for kystsonen i Rogaland (vedtatt 2003)
- Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturminnevern (vedtatt 2004)
- Fylkesdelplan for universell utforming (vedtatt 2007) Revidert 2014.
- Fylkesdelplan for vindkraft i Rogaland (vedtatt 2007)
- Fylkesdelplan for samferdsel 2008-2019 (vedtatt 2008)
- Fylkesdelplan for E39 Kyststamvegen – Boknafjordkryssingen (vedtatt 2004)
- Fylkesdelplan for energi og klima (utkast)
- Rogaland fylkeskommune: Regionalplan for folkehelse 2013-17 av 11.12.2012
- 2013-2016 Rammeplan for avkjørsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (Statens vegvesen, oktober 2013)
- Fylkesdelplan for landbruk

1.3.3 Kommunale føringer

Vedtekne kommunale planar og føringer som må takast omsyn til i kommuneplanrevisjonen er.

- Kommuneplan 2012-24 for Tysvær (vedtatt 09.2012)
- Økonomiplan / handlingsprogram 2015-2018 (vedtatt 12.2014)

Sjå elles oversikt over gjeldande planar i samfunnssdelen.

1.4 FORHOLDET TIL LOKALE PLANAR

Gjeldande kommuneplan for Tysvær vart vedteken 11.09.2012, og vert no erstatta av den nye planen med planperiode frå 2015 til 2027. Arealdelen dekkjer alt areal i kommunen inkludert sjøområder. Godkjente reguleringsplaner gjeld så langt dei ikkje er i strid med arealdelen. Alle eksisterande hytteplanar er no vist med arealformål i kommuneplanen.

Gjeldande reguleringsplanar er vist med horisontal skravur i plankartet.

1.5 OPPBYGGING OG PLANDOKUMENT

1.5.1 PLANKART OG FØRESEGNER

Arealdelen av kommuneplanen skal vise bruk og vern av areala i kommunen, både i sjø og på land. Arealbruken går fram av plankartet med planføresegner. Plankartet viser korleis areala er tenkt disponert og kor areal for utbygging er tenkt lokalisert. Planføreseggnene gir meir detaljerte føringer for korleis utbygginga kan skje for dei ulike formåla. Plankart og føresegner er juridisk bindande og skal gi føreseieleg behandling av planar og enkeltsaker.

1.5.2 PLANOMTALE MED KONSEKVENSUTGREIING OG RISIKO- OG SÅRBARHEITANALYSE

Planomtalen har ikkje juridisk verknad, men skal vere eit utvida saksframlegg for arealdelen av kommuneplanen. Omtalen gjev utdjupa informasjon om bakgrunn for og innhald i planforslaget i større grad enn det plankart og føresegner gjer. Inkludert i omtalen er ein oversikt over dei samla konsekvensane av planen. Planomtalen skal vere eit hjelpemiddel ved praktisering av planen.




Foto: Tysvær kommune

1.6 ORGANISERING

Kommunestyret vedtok den 18.06. 2013 planprogram for kommuneplanrevisjonen.

Organisering:

Styringsgruppe: Kommuneplanutvalet
(formannskapet + leiar i teknisk utval og
levekårsutvalet)


Arbeidsutval: Ordførar Harald Stakkestad
Rådmann Arvid S. Vallestad
Plansjef Linda Christine Olsen
Teknisk sjef Per Ørpelteit (slutta
3.5.2014)
Seksjonsleiar areal, landbruk
og miljø Bjørn Bruaset (konst.
teknisk sjef frå 5.5.2014)
Arealplanleggar Inger Teodora
Kværnø (slutta 1.8.2014)
Arealplanleggar Thorstein Holtskog
(frå 10.09.2014)
Rådgjevar GIS Anne Karin Vesterøy
Rådgjevar plan og utvikling John-
Fredrik Rognsvaag
Folkehelsekoordinator Ann-Kristin
Berge (i permisjon frå januar 2014)

Rådmannsgruppa har fungert som utvida arbeidsgruppe for planarbeidet.

1.7 FRAMDRIFT

Framdriftsplanen under er den same som vart vist i planprogrammet. Før planen vert sendt på høyring er arbeidet i rute.

	Kva skal gjerast	Tidsrom
Planstrategi og planprogram	Utarbeide forslag til planstrategi og planprogram Offentleg ettersyn Informasjon til publikum Handsme merknadar og innspel til planstrategi og planprogram, utarbeide endeleg planstrategi og program. Vedtak i kommunestyret.	Januar 2013 Mars/april 2013 April – juni 2013
Utarbeide forslag til kommuneplan	Samfunnsdelen: Revidering av gjeldande plan frå sept. 2012 vil bli gjort parallelt med utarbeiding av ny arealdel, dei 5 kommunedelplanane og anna planarbeid, og vil bli lagt fram for politisk handsaming og godkjenning saman med arealdelen Arealdelen: Utarbeide strategi for arealbruken. Vurdere innspel om arealbruk omtalt i kapittel 4. Greie ut og legge fram politisk forslag til endringar som er i samsvar med arealstrategien.	2013 – 2014 2013 – 2014



Skeiseid. Foto: Tysvær kommune

	Kva skal gjerast	Tidsrom
Alt.1: Handsaming av planforslaget – eit offentleg ettersyn	Kommuneplanutvalet vedtar å legge planen ut til offentleg ettersyn. Høyring og offentleg ettersyn Informasjon til publikum Handsome merknadar og uttalar. Drøfting og eventuell mekling med regionale myndigheter. Vedtak av plan. Handsaming i kommuneplanutvalet og kommunestyret. Kunngjøring av vedtatt plan	Aug./sep. 2014 Okt./nov. 2014 Desember 2014 Januar 2015
Alt. 2: Handsaming av planforslaget – to offentlege ettersyn	Kommuneplanutvalet vedtar å legge planen ut til offentleg ettersyn. Høyring og offentleg ettersyn Informasjon til publikum Handsome merknadar og uttalar. Drøfting og eventuell mekling med regionale myndigheter. Begrensa høyring og offentleg ettersyn Handsome merknadar og uttalar. Drøfting og eventuell mekling med regionale myndigheter. Vedtak av plan. Handsaming i kommuneplanutvalet og kommunestyret. Kunngjøring av vedtatt plan	Nov. 2014 Jan. – Juni 2015 Sommar 2015 Juli./aug. 2015 Aug./Sep. 2015 Okt. 2015



1.8 DELTAKING

1.8.1 INFORMASJON I FORKANT

Tysvær kommune legg stor vekt på at kommuneplanrevisjonen skal være ein prosess med låg terskel der alle kan delta. Planprogrammet omtalar kva tema som er vurdert, og kva tema som ikkje har vorte revidert i denne prosessen. Som vedlegg til planprogrammet vart det laga sjekklister for kva informasjon kommunen treng for å kunne vurdere innspel, slik at grunneigarar utan plankompetanse skulle kunne utarbeide sine eigne innspel utan å nytte konsulentar.

Det har vore viktig å synleggjere kva kommunen vil legge vekt på i sin vurdering av innspela. Mens planprogrammet låg ute vart det utarbeidd eit premissdokument som omtalar korleis kommunen vurderer dei ulike arealformåla, og kva kvalitetar kommunen vil sjå etter når enkeltinnspela skal vurderast. Premissdokumentet var handsama av kommuneplanutvalet rett etter at kommunestyret vedtok planprogrammet, og dei to dokumenta var tilgjengelege på kommunen sine nettsider fram til fristen for å komme med innspel var gått ut. Premissdokumentet vart revidert i januar 2014 på bakgrunn av innspel det ikkje var tatt høgde for i det originale dokumentet. Revidert premissdokument er vist i vedlegg 1.

1.8.2 FOLKEMØTER

Det vart arrangert to folkemøter i september 2013, et i Hinderåvåg 4.9.2013 og et i Aksdal 5.9.2013. På det tidspunkt var planprogram og premissdokument vedtatt, mens frist for å komme med innspel var ennå ikkje gått ut. I møta vart planprogrammet og premissdokumentet presentert, og dei oppmøtte vart oppfordra til



Aksdal sett fra Helgalandsfjellet. Foto: Tysvær kommune

diskusjon og innspel.

1.8.3 INNSPEL

Frist for å komme med innspel var satt til 1. oktober 2013, men alle som tok kontakt med kommunen og ba om utsatt frist fekk nokre ekstra dagar på å ferdigstille innspela. Kommunale behov og sakar der kommunen vurderte det som nyttig å få ei vurdering i samband med kommuneplanrevisjonen har kome i etterkant. Totalt er det i underkant av 100 innspel som er vurdert.

Alle innspel har vore til handsaming i kommuneplanutvalet. Innspel som ikkje var i tråd med planprogrammet og premissdokumentet vart lagt vekk i ei grovsortering. Dette gjaldt mellom anna bustadområder, hytteområder utanfor prioriterte områder, innanfor funksjonell strandsone eller på innmark, og saker som ikkje kan handsamast i kommuneplanen, som utbetring av veger og omdisponering av enkeltbygg.

For alle innspel i tråd med planprogram og premissdokument vart det utarbeidd konsekvensutgreiling (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) i tråd med metodikk omtalt i vedlegg 2. Dette, saman med premissa omtalt i premissdokumentet, danna grunnlag for vurderingar om kva innspel som er lagt inn i planen, og kva innspel som er avvist. Kva vurderingar som er lagt til grunn er nærmare omtalt under omtalen av dei ulike arealformåla. Alle innspel med KU og ROS er lagt fram for politisk handsaming i kommuneplanutvalet.

1.8.4 MØTE MED OVERORDNA MYNDIGHEITER

Kommunen hadde møte med fylkesmann og fylkeskommune 29. april 2013. Tema for møtet var planprogram og planstrategi.

1.8.5 HØYRING

Forslag til endra kommuneplan vert lagt ut på høyring i veke 45 2014 med frist for å komme med merknadar 10.januar 2015. Planen har ingen juridisk verknad før den er vedtatt i kommunestyret, noko som etter framdriftsplanen skal skje i løpet av 1. halvår 2015.



Foto: Tysvær kommune

1.9 PLANARBEIDET

Samfunnsdelen inneholder visjon, overordna strategiar og målsettingar for utvikling på alle arbeidsområda kommunen er ansvarlege for. Samfunnsdelen gir mål og retning for arealbruken, samt føringar for utforming av plankartet og planføresegnene. Signal gitt i samfunnsdelen blir sikra juridisk forankring i arealdelen.

Samfunnsdelen er revidert og oppdatert, men det er ikkje gjort endringar som har ført til endra arealpolitikk i forhold til gjeldande plan. Dei fire hovudstrategiane ligg fortsatt til grunn for arbeidet i tillegg til 2 nye:

- Tysvær kommune skal levere tenester med god kvalitet i ein berekraftig økonomi
- Tysvær kommune skal utvikle eit aktivt og framtidsetta kommunesenter i Aksdal
- Tysvær kommune skal sikre levande bygder der folk ønskjer å bu
- Tysvær skal utvikle attraktive lokalsamfunn og opplevelingar for fastbuande og turistar
- Tysvær kommune skal vere eit regionalt knutepunkt for næringsutvikling
- Tysvær skal forbetre kommunikasjonar og infrastruktur

Planprogram for kommuneplanen, vedtatt i kommunestyret 18.06.2013, fastsett dei tema det er arbeida med i denne revisjonen. Mål for arealdelen vart definert slik:

"Hovudtema for revidering av arealdelen vil vere fritidsbygg, sjø og strandsone, og kjerneområde landbruk. I tillegg vil kommunen gå gjennom eigne arealbehov i åra framover. Det vil og kunne bli behov for å sikre kulturlandskapsområder med omsynssone og utarbeide føresegner knytt til vern av kulturlandskap og kulturminner. Bustad og næringsområder var prioriterte tema i førre

revisjon, og vert ikkje revidert i denne omgangen."

Denne planrevisjonen har tatt for seg følgjande arealformål: fritidsbustader, reiselivsanlegg, bruk og vern av sjø og strandsone, inkludert naust, småbåthamner og områder der ein kan opne for akvakultur, og kommunale behov i perioden. Det er lagt inn tre nye omsynssoner i planen: kjerneområde landbruk, omsynssone kulturmiljø og funksjonell strandsone. Innspel om andre tema er med nokre få unntak ikkje vurdert eller tatt inn i planen.

1.10 KONSEKVENSUTGREIING (KU) OG RISIKO- OG SÅRBARHEITANALYSE (ROS)

I tråd med plan og bygningsloven § 4-2 skal alle kommuneplanar som set rammer for framtidig utbygging, inkludere ei særskilt vurdering og skildring av verknader for miljø og samfunn. Dette vert kalla ei konsekvensutgreiing (KU). Ved utarbeidning av planer for utbygging, skal det utarbeidast ein risiko- og sårbarheitanalyse (ROS) i samsvar med pbl § 4-3. Målet med analysen er å etablere ei systematisk tilnærming til fare og framtidige uønska hendingar, slik at nødvendige risikoreduserande tiltak kan identifiserast og takast omsyn til. Analysen skal vurdere verknader av ny arealbruk for miljø og samfunn for å ta stilling til om og eventuelt kva for tiltak som må til for at planen kan gjennomførast.

Både konsekvensane av kvart enkelt tiltak og konsekvensane av planen samla skal vurderast. Kapittel 3 i planomtalen tar for seg dei samla konsekvensane. Vedlegg 2 omtalar metoden som er nytta ved vurdering av KU og ROS for enkeltområder.

Kommuneplanutvalet har handsama innspel til endra arealbruk som enkeltsaker med eigne saksnummer. KU og ROS inngår som ein del av saksutgreiinga i kvar enkeltsak. I tabellane som viser oversikt over disponibelt areal er det referert til saksnummer.

KU og ROS er samla i eit dokument for å gjere dokumentet meir brukarvenleg. KU og ROS er utført i tråd med gjeldande lover og forskrift om konsekvensutgreiing av 2009. Arealdelen av kommuneplanen er på overordna nivå, og KU og ROS byggjer på allereie føreliggjande og registrert kunnskap. Innhenting av ny kunnskap er avgrensa til det som trengst for vedtaksgrunnlag. Ved utarbeiding av område- og detaljregulering vil det vera behov for innhenting av ny kunnskap dersom verknad av aktuelle tiltak ikkje er tilstrekkeleg godt kjent.

Ved vurdering av nokre av forslaga er det utgreidd eit større areal enn i det opphavlege innspelet for å sjå på alternativ plassering, og for å sjå på konsekvensane for omkringliggende områder. Endelige plangrenser i framlegget er sett etter samla vurdering i KU og ROS og treng såleis ikkje følgje det opphavlege innspelet. Grensene er endra dersom dette er vurdert å redusere faren for negative konsekvensar og faremoment.

I forskrift T-1446, "konsekvensutredninger etter plan- og bygningsloven", heiter det:

"§ 8 innhold og utforming av plan eller søknad med konsekvensutredning. Planforslag eller søknad med konsekvensutredning skal utarbeides på bakgrunn av fastsatt planprogram for plan- og utredningsarbeidet, jf. 6 fjerde ledd. Planforslag eller søknad med konsekvensutredning skal være tilpasset plannivået og være relevante i forhold til de beslutninger som skal tas og, så langt som mulig, basere seg på foreliggende kunnskap og nødvendig oppdatering av denne.



Foto: Tysvær kommune

Planforslag med konsekvensutredning for overordnede planer skal gjøre rede for planarbeidet og beskrive antatte virkninger av foreslalte utbyggingsstrategier og arealdisponeringar, samt hvilke alternativer som er vurdert, jf. Vedlegg II, kolonne A. For kommuneplanens arealdel utredes kun de delene av planen som fastsetter rammer for fremtidig utbygging og som innebærer endringer til gjeldende plan"

2 AREALDELEN

2.1 INNLEIING

Arealdelen av kommuneplanen viser hovudtrekka i arealdisponeringa og set rammer og føresetnader for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, samt kva viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala.

Arealformåla til kommuneplanen er gjevne etter plan- og bygningslova. Under dei ulike hovudgruppene av arealformål er det nokre stader nytta underformål for å spesifisera kva ein ønskjer med arealdisponeringa. Til dømes byggjeområde for fritidsbustader som underformål til hovudformålet bygningar og anlegg, jf. pbl. § 11-7, nr. 1. Underformål går fram av føresegnene.

I arbeidet med kommuneplanen 2012-2024 (KP2012) vart det gjort ein omfattande revisjon av areal for mellom anna bustad, sentrumsområder og næringsområder. Desse arealformåla er difor ikkje tema i denne revisjonen, og er ikkje omtalt i denne planomtalen. For meir informasjon om tema som vart handsama i førre revisjon, sjå planomtale for KP2012.

2.2 TEMA SOM ER REVIDERT

2.2.1 AREALFORMÅL

Denne planrevisjonen har tatt for seg følgjande arealformål: fritidsbustader, reiselivsanlegg, bruk og vern av sjø og strandsone, inkludert naust, småbåthamner og områder der ein kan opne for akvakultur, og kommunale behov i perioden. Mange av arealformåla i denne planrevisjonen er først og fremst aktuelle i strandsona. I samband med oppstart av planrevisjonen vart difor mesteparten av bebygd strandsone kartlagt for å betre kunne differensiere arealbruken innanfor 100-metersbeltet langs sjø. For å vurdere nødvendige omsyn i strandsonen jf.pbl. 1-8 har kommunen valt å nytte omgrepet funksjonell



Turveg ved Bongsatjøra. Foto: Tysvær kommune

strandsone. Konsulentfirmaet Akvator AS har i samarbeid med kommunen kartlagt funksjonell strandsone, og rapporten er ein del av kommunens analysegrunnlag.

Det er lagt inn tre nye omsynssoner i planen: Kjerneområde landbruk, omsynssone kulturmiljø og funksjonell strandsone. Innspel om andre tema er ikkje vurdert eller tatt inn i planen. Plankarta er oppdatert i samsvar med utbygging og vedtatte reguleringsplanar.

2.2.2 FRITIDSBUSTADER

Tysvær er ein kommune med mange flotte stader for rekreasjon og fritidsaktivitetar. Kommunen ligg sentralt plassert mellom Haugesund og Stavanger, og har ei lang kystlinje. Interessa for å få legge ut areal til hyttebygging har vore stor, og totalt har det kome inn innspel om 2140 dekar fritidsbustader fordelt på 51 innspel.

Kommuneplanen skal legge til rette for ønskja vekst i planperioden, som er sett til 2015-27. Det skal vere tilstrekkeleg tilgjengeleg areal for nye fritidsbustader, men det bør ikkje leggast ut for mykje areal. For å vurdere kor mykje areal til fritidsbustader det er behov for i planperioden har ein tatt utgangspunkt i historiske tal.

	Tal fritidsbygg i Tysvær	Nye hytter
1998	1213	
1999	1246	33
2000	1257	11
2001	1268	11
2002	1269	1
2003	1284	15
2004	1290	6
2005	1295	5
2006	1298	3
2007	1305	7
2008	1318	13
2009	1327	9
2010	1333	6
2011	1353	20
2012	1358	3
2013	1366	8

Bygg med fleire bueininger vert rekna som eit bygg. Kjelde: SSB

Tabellen over viser utvikling i tal fritidsbygg i kommunen dei siste åra. Det har blitt bygd 153 nye fritidsbygg dei siste 15 åra, om lag 10 i året. I tillegg er det ein del heilårsbustader som blir

brukt til fritidsføremål. Åleg krev kommunen inn renovasjonsgebyr for om lag 1500 fritidsbustader. Eksisterande fritidsbustader er stort sett bygde spreidd eller på små regulerte eller uregulerte hyttefelt.

Ein av grunnane til at det ikkje er bygd fleire hytter i kommunen dei siste åra kan vera den restriktive hyttepolitikken som har blitt ført sidan KP2007 vart vedteken. Det er grunn til å tru at fleire vil vurdere ein fritidsbustad i kommunen dersom det blir fleire tilgjengelege hyttetomter. Før kommunen starta handsaming av enkeltinnspeil vart det vedtatt nokre mål for kor mykje areal for nye fritidsbustader kommunen skal legge til rette for i denne revisjonen. Kommunen ønskjer ei lita overdimensjonering, slik at det er tilgang på tomter gjennom heile planperioden. Måltallet vart difor om lag 40 hytter i året. Det vert berekna ca. 1,5 dekar per hytte, inkludert fellesareal og terrengtilpassing, totalt ca. 720 dekar.

I høyringsutkastet var det føreslått omdisponert 842 dekar til fritidsbustader. Av dette er 139 dekar delvis utbygd, slik at nytt utbyggingsområde var 703 dekar.

Nærare 2/3 av alt areal det kom innspeil om til fritidsbustader er ikkje føreslått omdisponert i høyringsutkastet til ny kommuneplan. Areal innanfor funksjonell strandsone og på dyrka mark



Frakkagjerd sett fra Helglandsfjellet.
Foto: Tysvær kommune

og innmarksbeiter er i hovudsak avvist. Områda på Nedstrandshalvøya og frå Skjoldstraumen til Hervik er prioritert, i tillegg til fortetting av eksisterande hytteområder. Ein del innspeil er redusert for å sikre betre tilpassing til landskapet. Sjølv med desse avgrensingane har ein stått igjen med meir areal veleigna for hyttebygging enn det kommunen har behov for. Ein del innspeil er difor avvist fordi det er lagt ut betre eigna areal i nærområdet.

Gjennom drøftingsmøter med regionale styresmakter er fleire tiltak avviste og det totale arealet for hytter er nå på 413 da.

Tysvær kommune har ikkje hatt tradisjon for å vise godkjente hytteområder i kommuneplankarta. Dette er det no rydda opp i. Alle områder med nyare reguleringsplanar er vist som område for fritidsbustader.

I samband med gjennomgang av areal til fritidsbustader har kommunen revidert kommuneplanføresegne for arealformålet. Kommunen ønskjer å gjere det lettare å velje den arkitektoniske utforminga ein ønskjer på hytta, men stiller samstundes strengare krav til landskapstilpassing og farge og materialbruk, slik at nye bygg i minst mogleg grad påverkar dei vakre landskapa som gjer det attraktivt å ha hytte i kommunen.

Tilgang til sjø og båtplassar er ein viktig kvalitet for hytteområda i Tysvær. Dei fleste områda for fritidsbustader som er lagt inn i planen er vurdert som sjønære, med unntak av nokre få områder som ligg i tilknyting til ferskvatn. For dei sjønære hytteområda har tilgang til båtplass vore eit viktig tema i utgreiinga, og kommunen ønskjer at det skal vere tilgang på båtplassar i gangavstand frå alle nye hytteområder. I KP2012 er det stilt krav om ein båtplass per hytte, noko kommunen meiner er for mykje, med unntak av Borgøy, der ein ikkje har tilgang med bil. For områder på fastlandet er det krav til minimum dekning på båtplassar på 70 %.

2.2.3 FRITIDS- OG TURISTFORMÅL

Arealformålet fritids- og turistformål inneholder mellom anna utleigehytter, campingplass, leirplass og område med aktivitetar retta mot turistar og tilreisande. Planprogrammet hadde i tillegg opning for hotell og bevertning, som skal visast som næringsområde, men kommunen fekk ikkje innspeil om desse formåla.

Tysvær kommune ønskjer å vere ein attraktiv kommune for reiseliv og turisme. For å oppnå dette, er det viktig å kunne tilby attraktive overnatningsplassar for turistar. Kommunen ønskjer derfor å opne for sjønære overnatningsplassar som ein del av reiselivstilbodet i kommunen. Med sjønære overnatningsplassar meiner ein bygg med muleheit for overnatting, og som ligg mindre enn 25 meter frå sjøen.

Sjønære overnatningsplassar kan verke privatiserande dersom dei vert plassert i område utan andre reiselivstilbod. Kommunen har valt å avgrense tilgangen til slik utbygging til større reiselivsanlegg med fellesareal mot sjø, der dei sjønære overnatningsplassane ikkje reduserer tilgangen til sjø og friområder for brukarane av anlegget. Av omsyn til havnivåstigning og stormflo er det ikkje opning for å etablere rom for varig opphold lågare enn 2,5 moh.

I tillegg til justering og tilpassing rundt eksisterande anlegg, vert det lagt til rette for nye reiselivsanlegg i kommunen. På Fora vart det lagt ut eit mindre område ved førre kommuneplanrevisjon. Dette er no utvida på land og det er lagt til ei småbåthamn for å kunne satse på båtturistane. I tillegg er det lagt ut to nye områder for utleigeeiningar, eit innanfor Longøy, og eit ved Bekkjavika i Liarvåg.

2.2.4 KOMMUNALE BEHOV

Kommunen er i gang med to store tenestegjennomgangar, ein for omsorgstenestene, og ein for born og unge. I samband med desse vart rådmannsgruppa oppmoda til å komme med innspel om endra arealbruk med tanke på moglege framtidige kommunale behov. Fem innspel er vurdert med tanke på kommunale behov.

Det er føreslått utviding av Aksdal og Tysværvåg barnehagar. Det er behov for auka kapasitet på begge barnehagane, og utvidinga vil ikkje ha store negative konsekvensar. Desse bør vere kurante då områda tas i bruk til eit viktig samfunnsføremål og då uteområdet ved barnehagane kan nyttast av born i nærområdet på ettermiddagstid. Ved Stølsberg i Aksdal er det føreslått kombinert føremål der ein opnar for offentleg eller privat tenesteyting i tillegg til bustad som er gjeldande arealformål i KP2012. Dette har samanheng med utvida behov for kommunale butiltak.

Eit areal aust for rådhuset i Aksdal er føreslått til sentrumsformål. Arealet er spesielt eigna



Tysværvågen. Foto: Tysvær kommune

til offentlege tenestebehov, parkering, og eventuelt andre føremål i tilknyting til ein framtidig kollektivterminal nord for E134. Pr august 2015 har Statens vegvesen starta arbeidet med reguleringsplan for nytt vegkryss E134-E39. Vegvesenet foreslår i same planen ny kollektivterminal nord for E134 like inntil nytt vegkryss. Planlagt byggestart er 2016, og vil innebære omdisponering av deler av lager- og parkeringsareal nytta av kommunens driftsavdeling.

Området ved Grinde skule kan være aktuelt som ny skuletomt. Omdisponeringa er meint som ein beredskap dersom folketalsauken i ytre sone vert så stor som det kapasiteten på nytt bustadareal legg til rette for. Kommunen har vist området som kombinert formål offentleg eller privat tenesteyting og idrett i tillegg til gjeldande arealformål frå KP2012.

2.2.5 NAUST

Tysvær er ein kommune med tradisjon for naust, og kommunen fekk inn 30 innspel om nye naustområder eller utviding av eksisterande naustmiljø. Med naustmiljø meinast område der det er bygd naust frå før, mens naustområde refererer til områder disponert til naustbygging i kommuneplanen.

Tradisjonelt har naust i Tysvær vore knytt til fiske, og det var viktig for kvar gard å ha sitt naust for å kunne spe på inntekta og sikre mat til familien. No vert naust hovudsakleg nytta til rekreasjon, mens fiskeriet har flytta inn i større bygg med skikkelege kaianlegg. Naust er framleis definert som eit lagerbygg, og det er ein arealkrevjande måte å tilby båtplassar til folk i kommunen. Der det er behov for fleire båtplassar enn det ein finn i eit gjennomsnittleg naustmiljø har kommunen vurdert felles småbåthamn med sjøboder på land som eit godt alternativ.

Når det gjeld utviding av eksisterande naustmiljø har kommunen i hovudsak vore positiv så framt



Ved Førlandsfjorden. Foto: Tysvær kommune

at utvidinga ikkje vil redusere ålmenta si tilgang til sjøen. Mange områder med eksisterande naust er ikkje vist i kommuneplankartet, då dei ofte vart etablert lenge før det å vise slike områder i plankartet var aktuelt. Der kommunen har vore positiv til ei utviding av slike områder har ein samstundes valt å endre arealformål på eksisterande naustmiljø.

Når det gjeld nye naustområder har kommunen vore meir restriktive. Innspel om å vise områder for eitt naust er som hovudregel avvist, då desse sakane heller bør handsamast som dispensasjonssakar. For større naustområder har ein sett på konsekvensar for landskap og tilgang til sjø og strandsone, og på om det kan vere alternative båtplassar i nærområdet.

I tillegg til vurdering av nye områder har kommunen gjennomgått føreseggnene for naustområder. I KP2012 er det oppgitt kor mange naust som kan byggast innanfor kvart naustområde. Dette vert no erstatta av generelle krav om korleis nausta skal plasserast. For eksisterande naustmiljø opnar ein for vekst opp til sju naust utan krav om reguleringsplan. For nye naustområder og for områder med meir enn sju naust vert det stilt krav til reguleringsplan, men det er ikkje satt noko generelt krav til kor stort eit

naustområde kan vere.

I tillegg til dette vert det no stilt krav til parkering, og det er kome tydelegare føresegner om utforming og innhald i nausta. Ettersom naust er lagerbygg og ikkje skal nyttast til varig opphold tillét kommunen at desse vert bygd lågare enn 2.5 moh., til tross for utfordringar knytt til havnivåstigning og stormflo.

2.2.6 SMÅBÅTHAMNER

Med si lange kystlinje er Tysvær ein kommune med stor etterspørsel etter småbåtplassar. Kommunen har hatt eit mål om å kunne tilby båtplassar i tilknyting til der folk bur og oppheld seg. Det betyr småbåthamner i tilknyting til både bygder og hyttefelt.

Det er nyleg bygd ut ei stor småbåthamn i Hervik, og i Hinderåvåg er det godkjent reguleringsplan for ei større hamn som skal betene både lokalbefolking og turistar. Nedstrand og Førre har store, velfungerande småbåtanlegg. Førland har tilstrekkeleg kapasitet på båtplassar til dei som bur lokalt. I desse områda har ein difor ikkje sett etter nye lokalitetar for småbåthamn.

Det er føreslått nye, store småbåthamner i Grinde, Slåttevik. I Slåttevik er ny småbåthamn lagt sør

for Melkevik camping, slik at den ikkje kjem i konflikt med den historiske strandstaden. I Grinde er det lagt ut eit område aust for Stemnestaden. I Skjoldastrauen er det lagt ut eit område på austsida av fjorden, nord for slusene. I tillegg er det lagt ut ei småbåthamn på Susort, rett ved Susortkrysset. I tilknyting til småbåthamnene er det lagt ut areal på land til parkering, lagerbygg og andre naudsynte støttefunksjoner.

2.2.7 AKVAKULTUR OG ANNA UTNYTTING I SJØ

AKVAKULTUR

Tysvær kommune har fleire aktive oppdrettsanlegg innanfor kommunens sjøområder. Lokaliteter for akvakulturanlegg skal ligge innanfor eit arealformål som opnar for akvakultur. I KP2012 er desse areala i hovudsak vist som NFFFA-områder: områder for natur, friluftsliv, fiske, ferdsel og akvakultur. I ny kommuneplan er desse områda vist som område for fiske, ferdsel og akvakultur (FFA), då det er vanskeleg å prioritere natur, friluftsliv og akvakultur innanfor same område.

Kommunen vil legge til rette for at oppdrettsnæringa kan utvikle seg i tråd med nye forskrifter og ny teknologi. Ein har difor vore positiv til utviding av FFA-områda så lenge områda ikkje kjem i konflikt med andre interesser. Samstundes har ein valt å ta vekk nokre områder tett på land. Dette gjeld mellom anna eit område innanfor Lindøya ved Stong, eit område i Hinderåvågen og eit område yttarst i Yrkjefjorden.

Godkjente akvakulturlokaltetar er vist med arealformål akvakultur i den utstrekninga området er vist i Fiskeridirektoratets kartdatabase. Alle andre områder der kommunen kan vere positive til akvakultur er vist med kombinert formål med opning for akvakultur, FFA.

Fylkeskommunen har fått søknad om fornya konsesjon på to blåskjelanlegg i Førlandsfjorden. Anlegga vart etablerte for fleire år sidan, men har ikkje vore i drift dei siste 5-6 åra. Kommunen er positive til at det igjen vert drift på desse anlegga, og viser derfor områda i plankartet.

YRKJEFJORDEN

Då KP2012 vart vedtatt låg det fortsatt ei uavklart motsegn knytt til eit geografisk avgrensa område i Yrkjefjorden. Saka vart drøfta i møte hausten 2012 der Kystverket, Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Vindafjord kommune og Tysvær

kommune var tilstade. Saka vart løfta til Fiskeri- og kystdepartementet som kom med forslag til formulering. Då saka så vart fremja i kommuneplanutvalet vart ho utsett i påvente av sentrale føringar/retningslinjer for sjøområder som kan nyttast til eller blir påverka av demontering av utrangerte offshoreinstallasjonar. Ved denne kommuneplanrulleringa er det kome nye innspel og saka er fremja og utsett på ny. 24. juni 2015 vart det tatt avgjerd sentralt vedr. Vindafjord kommune sin reguleringsplan for AF Decom sine område.

TRÅLFELT

Kommunen har valt å oppdatere areal for aktive fiskereiskap i samsvar med Fiskeridirektoratets kartdatabase, med unntak av eit område i Hundsnes, der det i samband med KP2012 vart avklart at det ikkje lenger er fiskeriaktivitet.

2.2.8 ANDRE ENDRINGAR I PLANKARTA

Kommunen ønskjer å halde god kvalitet på plankarta, og har derfor gjort ein rekke mindre endringar der det er vurdert at ei konsekvensutgreiing ikkje er naudsynt. Dette gjeld til dømes eldre bustadområder der digitale verktøy gjer det mulig å legge formålsgrensa nøyaktig på eigedomsgrensa der den no bommar med eit par meter. Utbyggingsområder som er bygd ut sidan sist planrevisjon er no vist som eksisterande områder. Tabellane er retta for å være i samsvar med desse mindre endringane. Informasjon i plankartet som er basert på eksterne kjelder, til dømes områder for akvakultur og trålfelt, er oppdatert i samsvar med dei eksterne kjeldene.

Bustad er ikkje tema i denne revisjonen. Det er likevel føreslått å omdi disponere 3 dekar næringsområde til bustad på Frakkagjerd i samband med ein pågående reguleringsprosess i området. Samstundes er den delen av næringsområdet som er regulert til friområde no vist som friområde i kommuneplanen.

2.3 OMSYNSSONER

Det er lagt inn tre nye omsynssoner etter pbl. § 11-8c i planen. Dette er soner ein ikkje kan knyte juridisk bindande føresegner til, berre retningslinjer. Retningslinjene skal gje føringar for korleis kommunen handsamer plan- og byggessaker innanfor områda.

2.3.1 KJERNEOMRÅDE LANDBRUK

Kjerneområde landbruk viser kor i kommunen det er store samanhengande områder med aktivt jordbruk. I desse områda bør kommunen vere restriktive med å opne for tiltak som kan komme i konflikt med landbruket, og landbruket skal ha prioritet framfor anna arealbruk.

2.3.2 OMSYNSSONE KULTURMILJØ

Kommunen har utarbeida kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljø. I samband med dette arbeidet er det registrert ein del områder der ein bør ta særleg omsyn til eksisterande bygningsmiljø ved søknad om nye tiltak. Desse er vist med omsynssone kulturmiljø i plankartet.

2.3.3 FUNKSJONELL STRANDSONE

Funksjonell strandsone er den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Den kan vere smalare eller breiare enn 100-metersbeltet. I samband med oppstart av planrevisjonen vart mesteparten av bebygd strandsone i kommunen kartlagt for å betre kunne differensiere arealbruken innanfor 100-metersbeltet langs sjø.

Innanfor funksjonell strandsone bør det takast særleg omsyn til strandsoneverdiar, utsikt og ålmenta si tilgang til sjøen.

3 SUM VERKNAD AV PLANEN

3.1 OVERORDNA OMSYN

Kommuneplan 2015-2027 tar omsyn til overordna nasjonale og regionale føringar. Omsynet til jordvern er forsterka. Fokus i revisjonen av arealdelen har vore fritidsbustader, strandsone og sjøområder. Når det gjeld arealformål som ikkje har vore tema i denne revisjonen er plankarta oppdatert i samsvar med utbygging og vedtatte reguleringsplanar. I kommuneplanføreseggnene er alle tema revidert, men dei største endringane er gjort innanfor område for fritidsbustader og naust.

Ettersom bustad, sentrumsområder og næring ikkje er tema i denne planrevisjonen, har det ikkje vore naturleg å samanhædde arbeidet med den pågående prosessen med revisjon av regionalplan for areal og transport på Haugalandet.

3.2 BUSTADBYGGING OG SENTERUTVIKLING

Kommunen har totalt føreslått å omdisponere 693,6 dekar til utbyggingsformål. Mesteparten av dette er i dag LNF-område. Tala i samletabellen nedanfor samsvarar med vedlagte tabellar



Klatrepark. Foto: Høyt & Lavt Aktivitetspark, Lardal



Grindafjord Feriecenter. Foto: Ragnhild Sæbø

(vedlegg 3) for kvart arealformål som gir oversikt over enkeltareal med kart-id m.m.

Arealformål	Areal omdisponert (dekar)
Fritidsbustader	413
Offentleg eller privat tenesteyting	15
Fritids- og turistformål	41
Naust/ LNF-område der spreidd naustbygging er tillate	11,8
Hamn	125,8
Sentrumsformål	18
Bustadformål	3
Kombinert formål	84
Sum	693,6

Eksisterande hyttefelt, og oppdatering av areal i sjø i samsvar med Fiskeridirektoratets kartdatabase er ikkje inkludert i oversikten.

Utbygging av 413 da til hytter dei neste 12 åra vil gje konsekvensar for lokalsamfunna.

- Trafikk langs vegane

- Trafikk i sjøområda
- Utslepp
- Vasskapasitet

Positive verknadar

- Styrke lokalsenter
- Levande bygder
- Lokal handel og service

3.3 KONSEKVENSUTGREIING

Forskrift om konsekvensutredninger § 2 seier at kommuneplanens arealdel alltid skal greia ut. Det skal utarbeidast konsekvensutgreiing for alle utbyggingsareal som vert lagt inn i planen, og det skal utarbeidast ei overordna konsekvensutgreiing som viser dei samla konsekvensane av endringane i planen. Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse av enkeltinnspel er nytta som eit verktøy i vurderinga av kva areal som skal omdisponerast i planen. Oversikt over samla konsekvensar er omtalt i tabellen under.



Forureining og transport	<p>Det er vanskeleg å plassere områder for fritidsbustader slik at det ikkje vert transport til og frå hyttene, og mange av områda er plassert i delar av kommunen med dårlig kollektivdekning. Det er lagt vekt på at transportbehovet skal vere lite når ein først kjem seg til hytta, med båtplass, badeplass og turområder nær hytteområda. Dei fleste hyttefelta er lagt i tilknyting til eksisterande vegnett, slik at det i liten grad vil vere behov for nye veger utanom internvegane i hyttefelta.</p>
	<p>Auka tilgang på hytteområder og småbåthamner vil kunne føre til meir båttrafikk på fjordane. I alle småbåthamner der det vert gjort vedlikehaldsarbeid på båtane er det fare for lokal forureining. Kommunen legg til grunn at lovar og forskrifter vert følgt, og vurderer konsekvensane som akseptable. Det er ikkje lagt ut småbåthamner i særleg sårbare miljø.</p>
	<p>Også ved akvakulturanlegg er det ein fare for forureining. Også her legg kommunen til grunn at lover og forskrifter vert følgt, og at konsekvensane derfor er akseptable.</p>
Kulturminner og kulturmiljø	<p>Kommunen har i hovudsak unngått å omdisponere areal med kjente automatisk freda kulturminner, men mykje av arealet som er omdisponert ligg i ein høgde over havet som gjer at det kan gjerast funn ved nærmere undersøkingar. Nærare avklaring rundt enkeltområder må gjerast i samband med reguleringsplan.</p>
	<p>Dei viktigaste bygnings- og kulturmiljøa i kommunen er no vist med ein eigen omsynssone for kulturmiljø. Dette vil gjere det enklare for kommunen å ivareta og forvalte desse områda på ein god måte.</p>
Sikring av jordressursar (jordvern)	<p>Kommunen har tatt utgangspunkt i kartlagt dyrka jord og innmarksbeite. Faktisk drift av areala er ikkje vurdert. Kommunen har som hovudregel avvist innspeil om omdisponering av dyrka mark og innmarksbeite, men har gjort nokre unntak der omsynet til god arrondering har gjort det ønskjeleg å omdisponere mindre teigar.</p>
	<p>Det vert no vist ein omsynssone for kjerneområde landbruk i plankarta, med retningslinjer som skal sikre at landbruket vert prioritert innanfor desse områda.</p>

Naturmangfald og landskapsverdiar.	Kommunen har eit rikt dyre- og fugleliv, og nokre av dei nye utbyggingsområda kjem delvis innanfor registrerte viltområder og andre naturområder. Utbyggingsområda ligg i utkanten av viltområda, og det er lagt vekt på å ikkje dele områda i to eller på andre måtar redusere kvaliteten på dei igjenverande areala.
Beredskap og ulykkesrisiko	Mange av dei karakteristiske fjordane i Tysvær er registrert som vakre og meget vakre landskap i rapporten Vakre landskap i Rogaland. I vurderinga av utbyggingsområder innanfor desse sonene er det tatt særleg omsyn til landskapstilpassing. Utbygging er konsentrert til områder med eksisterande utbygging, og det er ikkje lagt utbyggingsområder på høgdedrag eller andre karakteristiske landskapselement.
	Fritidsbustader er ei utfordring i forhold til beredskap av fleire årsaker. Med mange fritidsbustader aukar folketalet relativt mykje i sommarhalvåret. Dette må kommunen ta omsyn til i sin beredskapsplanlegging.
	Sjølv om kommunen no samlar hyttebygginga i felt, har fritidsbustader eit spreidd utbyggingsmønster i forhold til bustader. Dette gjer utrykkingstida lenger for mange områder.
	I forhold til brann er tilgang på sløkkevatn ei utfordring. Hovudtyngda av nye utbyggingsområder for fritidsbustader er ikkje tilknytt det kommunale leidningsnettet. Det blir stilt krav til private løysingar, men desse vil ha avgrensa kapasitet. Dei fleste av områda vil likevel ligge nærmare enn 500 meter frå sjø og då kan sjøvatn ofte nyttast som sløkkevatn.
	Utbyggingsareal på Borgøy er ein særleg utfordring med tanke på beredskap, då det ikkje er vegtilkomst til øya.
	Kommunen har latt vere å legge ut utbyggingsareal nær prosessanlegget ved Kårstø, med tanke for at ulykker ved dette anlegget utgjer ein særleg risiko. Unntaket er ei mindre småbåthamn, då det er eit tiltak der folk ikkje oppheld seg for lengre periodar av gangen.
Folkehelse	Det er lagt vekt på at alle nye områder for fritidsbustader skal ha tilgang på tur- og rekreasjonsområder, og at nye utbyggingsområder ikkje skal redusere tilgangen til attraktive turområder. Elles vil tiltaka i planen i liten grad påverke folkehelsa.
Teknisk infrastruktur	Dei fleste nye områda for fritidsbustader ligg i områder utan kommunal teknisk infrastruktur som vatn og avløp. Det vil i stor grad verte stilt krav til private løysingar før ny utbygging.
Sosial infrastruktur	Utbygging av fritidsbustader vil i liten grad auke presset på sosial infrastruktur i kommunen. Det er lagt inn areal for utviding av barnehagar og skular for å sikre nok kapasitet for dei bustadareaala som ligg inne i KP2012.

Planforslaget legg opp til ei vesentleg auke i tal fritidsbustader og fleire nye småbåthamner. Med slik utbygging blir det samla større press på naturressursane på land og på sjøen. Samstundes vil tilgangen til hytte- og båtliv auke livskvaliteten for mange.

Samla sett har ein i planforslaget forsøkt å minimalisere negative konsekvensar for naturmangfald og produktivt jordbruksareal. Ein konsekvens av planforslaget er auka biltrafikk og motorisert ferdsel på sjøen. Følgjene kan bli auka ulykkefrekvens. Kommunen må sikre at utrykkingstenestene har nødvendig kapasitet. Konklusjonen er likevel at samla konsekvensar av planforslaget blir vurdert å vera akseptable.

VEDLEGG

VEDLEGG 1 - PREMISSDOKUMENT

PREMISSE FOR VURDERING AV INNSPILL TIL KOMMUNEPLAN FOR TYSVÆR KOMMUNE 2015 -2027

INNLEDNING

Dette premissdokumentet for kommuneplanen for Tysvær Kommune 2015-2027 skal danne grunnlaget for vurdering av innspel og endring av arealformål i arealdelen av kommuneplanen. Formålet er å formulere ein heilskapleg strategi for arealutnytting for dei tema som skal handsamast i denne kommuneplanrevisjonen. Dokumentet skal legge føringar for vurdering av innspel slik at ein sikrar ei rasjonell og rettferdig handsaming. Strategien skal også kunne gi haldepunkt ved handsaming av dispensasjonssakar etter at kommuneplanen er vedteken.

Dette dokumentet omhandlar berre dei tema som ein i planprogrammet har vedtatt skal revideras i denne planperioden. Det er planprogrammet som legg dei juridiske føringane for det vidare planarbeidet. Premissdokumentet skal vere eit verktøy for å få ein god og effektiv handsaming av enkeltinnspel om endra arealbruk. Målet er å kunne sortere vekk uaktuelle innspel før ein startar den tidkrevjande prosessen med å konsekvensutgreie innspela. Det skal også gi føringar for korleis ein skal prioritere og velje mellom dei aktuelle innspela.

Eit premissdokument kan ikkje fange opp alle problemstillingar som kjem fram i løpet av planprosessen, og det må vere opning for å nytte skjønn ved behov. Så langt det er mogleg er det ønskjeleg å halde seg innanfor rammene fastsett i dette dokumentet, då det vil vere med å sikre ein objektiv handsaming. Dokumentet vert ikkje sendt på ein eigen høyring, men vil bakast inn i planomtalen før forslag til revidert plan vert sendt på høyring. Det betyr at det er mogleg å endre premissene i løpet av prosessen dersom det viser seg at dei ikkje fungerer som planlagt, men ein må sikre at alle innspel om same type arealbruk vert vurdert etter dei same kriteria.

Tema som ikkje skal reviderast, til dømes bustad og næringsareal, vert ikkje omtalt. Tema for denne planrevisjonen vil i liten grad bli påverka av det pågående arbeidet med overordna utbyggingsstrategi og andre pågående prosessar.

Kommuneplanføreseggnene vil vere tema i eigen sak etter at alle innspel til planprosessen er handsama.

ORD OG UTTRYKK

Arealformål vil sei kva for bruk området vert disponert til i kommuneplanen eller i ein reguleringsplan. Kva arealformål som kan nyttast i kommuneplanen er gitt av kartforskrifta av 2009 med seinare endringar.

100-metersbeltet er den sona langs sjø og vassdrag der det skal takast særlig omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Funksjonell strandzone er den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vere smalare eller breiare enn 100-metersbeltet.

Tilgjengeleg strandzone er den delen av strandsonen der ein kan ta seg ned til sjøen utan å måtte klatre, og utan å måtte gå gjennom privatiserte område.

Privatisering vil seie at eit område vert opplevd som utilgjengeleg for ålmenta.

VURDERINGSKRITERIA FOR ALLE AREAL-FORMÅL

Tysvær kommune har utarbeidd eit skjema for konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som viser dei tema som skal vurderast for alle område der det vert vurdert å endre arealformålet i kommuneplanen. Dersom ein skal gjennomføre KU og ROS for alle innspel til kommuneplanen vil det vere svært ressurskrevjande. Premissdokumentet skal vere eit hjelpemiddel for å vurdere kva for innspel som skal utgjera og fremmest politisk og inneheld difor kriteria for prioritering for dei ulike arealformåla. Innspel som ikkje er i tråd med desse kriteria vil bli avvist utan vidare utgjeraing. Det vil fremmest eigen sak i kommuneplanutvalet der ein går gjennom kva for innspel som skal greia ut vidare.

BRUK OG VERN AV STRANDSONA

Tysvær kommune har omrent 220 km strandlinje. I arealdelen av kommuneplanen 2012-2024 (KP2012) er det vist ein omsynssone for friluftsliv i dei delane av 100-metersbeltet mot sjø der det er få eller ingen inngrep. Dette er gjort

for å hindre at det vert opna for bygging i desse delane av strandsona. Nye kartverktøy gjer det mogleg å gjere ei meir nøyaktig vurdering av kva område som har ein reel tilknyting til sjøen, ofte omtalt som funksjonell strandsone, basert på analyser av økologi, topografi og bruk. Område som kommunen ønskje skal haldast fri for inngrep skal markerast i kartet.

Plan- og bygningsloven § 1-8 regulerer tiltak i strandsona:

"I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser."

Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringer kan ikke settes i verk nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinjen målt i horisontalplanet ved alminnelig høyvann. Dette er likevel ikke til hinder for fradeling ved innløsning av bebygd festetomt etter tomtefestelova.

Forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2.

Forbudet etter andre ledd gjelder ikke der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillatt oppføring av nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tjene til landbruk, reindrift, fiske, akvakultur eller ferdsel til sjøs, jf. § 11-11 nr. 4.

For områder langs vassdrag som har betydning for natur-, kulturmiljø- og friluftsinteresser skal kommunen i kommuneplanens arealdel etter § 11-11 nr. 5 fastsette grense på inntil 100 meter der bestemte angitte tiltak mv. ikke skal være tillatt."

I område med høgt utbyggingspress er det viktig å gjere ei grundig analyse for å kartlegge funksjonell strandsone og sette ei byggegrense som definerer kor nære sjøen det skal vere lov å bygge. Det må og settast av korridorar mellom veg eller utbyggingsområde og særleg attraktive stader i strandsona slik at ein ikkje berre sikrar strandsona, men også tilgangen dit. Kommunen er avhengig av innspel frå lokalkjente for å kunne prioritere område der ein skal ta særleg omsyn til ålmenta.

Kartlegging av funksjonell strandsone er ein del av analysearbeidet som må vere på plass før kommunen kan vurdere innspel om endra arealbruk nær sjøen.

SJØOMRÅDE

I KP2012 er det vist ein del område merka NFFFA; natur, friluftsliv, ferdsel, fiske og akvakultur. Bakgrunnen for dette arealformålet var i si tid å vise opning for akvakultur, men kommuneplanen har ikkje føresegner eller retningslinjer som viser korleis desse areala skal forvaltast. Det er naudsynt å vurdere bruken av desse områda. Enkelte formål kan ikkje kombinerast, det er til dømes restriksjonar på ferdsel nær akvakulturanlegg. Dersom det er eit eller to formål som klart bør få prioritet kan desse visast i plankartet. Dersom alle funksjonar er like viktige bør områda visast som ordinært sjøområde. Sjøområde kan visast med følgjande underformål og vert vurdert etter følgjande kriteria:

Naturområde er område med urørt preg og få eller ingen menneskelege inngrep. Her er det naturverdiane som skal prioriterast. Naturområde bør ikkje kombinerast med formål som kan føre til auka bruk og slitasje på området.

Område for friluftsliv er stader der rekreasjon og friluftsliv skal prioriterast. Desse områda vil normalt vere knytt til friluftsområde på land, til dømes rundt naturlege ankringsplassar, badeområde og liknande. Kommunen vil i samråd med Friluftsrådet Vest vurdere om ein skal utvide eksisterande område, og om nye område skal sikrast i planen.

Område for ferdsel gjeld først og fremst nyttetrafikk, og vert hovudsakleg nytta i ankringsområde. Kommuneplanen visar i tillegg hovudledar og biledar som stipla linjer i karta. Kystverket vert nytta som hovudkjelde for å vurdere kva område som skal leggast inn i planen.

Område for fiske vert brukt for å markere område der yrkjefiske har prioritet. Dette gjeld mellom anna trålfelt og kaste- og låssettingsplassar. Fiskeridirektoratet vert nytta som hovudkjelde for å vurdere kva område som skal leggast inn i planen.

Område for akvakultur er område godkjent for akvakultur av fiskeridirektoratet. Godkjente lokalitetar er vist i KP2012. Kommunen bør ikkje opne for akvakultur andre stader i sjøen utan å ha ein tett dialog med fiskeridirektoratet.

Dersom det er område i kommunen der det er fleire interesser som skal prioriterast, må det komme tydeleg fram av plankart og føresegner korleis dei ulike formåla skal stelle seg til

kvarandre.

NAUST OG SMÅBÅTHAMNER

Tysvær er ein kommune der mange har enkel tilgang til sjøen, anten det er frå bustad eller fritidsbustad. Det er dermed mange som ønskjer seg ein båtplass i kommunen. Dette kan løysast med naust, mindre småbåtanlegg eller større småbåthamner. Ideelt sett bør båtplassen ligge i gang- eller sykkelavstand frå hus eller hytte. Samtidig bør ikkje båtplassane plasserast så spreidd at dei privatiserer store delar av den tilgjengelege strandsona.

Naust er den tradisjonelle måten å tenke båtplass på i kommunen, men det er og den vanskelegaste forma for båtplass å handsame. Tidlegare vart nausta først og fremst nytta til lagring av båt og båtutstyr. Dagens båtar er ofte for store til å passe inn i naustet, slik at det det er behov for er plass til lagring av utstyr. Eit privat lagerbygg vil privatisere delar av nærområdet. Dersom det plasserast hagemøblar og liknande rundt naustet vil den privatiserte sona auke. Naust er ein plasskrevjande form for båtplass, der ein får få båtplassar for kvar meter strandsone som vert bygd ned.

Naust er veleigna i område der det er lite press på strandsona, og der det er bygd så spreidd at eit større fellesanlegg er uaktuelt. Dei tradisjonelle nausta i Tysvær er ofte plassert i klynger, noko som reduserer privatiseringa og gjer arealbruken meir effektiv. Nye naustområde bør halde på denne byggeskikken. Områda bør plasserast slik at lokale friluftsområde som turstiar, bade- og fiskeplassar ikkje vert mindre attraktive som følgje av ein utbygging. Ein må òg vurdere korleis ein skal kome seg til området, både frå land og frå sjø.

Det har vore tradisjon i kommunen at det høyrdet naust med til gardsbruket, ofte i samband med fiske som attåtnæring. Kommunen ønskjer at det fortsatt skal vere mogleg å bygge naust, båtstøer eller sjøhus på gardsbruk og større eigedommar. Der det er mogleg bør nye bygg leggast i tilknyting til eldre naust eller nausttufter. Det må leggast vekt på at nye naust vert gitt ein plassering og utforming som ikkje reduserer strandsoneverdiane i området. I slike tilfelle kan kommunen vere positiv til naust utanfor naustklyngene.

Kommunen har dei siste åra vore opne for å omdisponere naustområde til område for småbåtanlegg, då dei siste kommuneplanane ikkje har vist nye område for småbåthamn. Småbåtanlegg opnar for fleire båtplassar,

men krev meir plass og genererer meir trafikk enn eit naustområde, både på land og i sjø. Kommunen ønskjer at det skal kome tydeleg fram av kommuneplanen kva for anlegg ein kan vente seg. Etter at ny kommuneplan er vedteke bør det difor bli vanskelegare å omdefinere eit naustområde til småbåtanlegg utan ei grundig konsekvensutgreiing.

Med denne bakgrunnen bør alle område der det er opna for naustbygging i KP2012 vurderast på nytt. Tradisjonelle naustmiljø bør bevarast og gjevast rom for utvikling der det er mogleg. Naustområde nær bustadområde eller hytteområde bør vurderast endra til område for småbåtanlegg dersom ein forventar eit auka behov for båtplassar i området. Naustområde som kjem i konflikt med ålmentas tilgang til sjøen, eller der grunneigar ikkje kan eller vil byggje naust, bør verte vurdert tatt ut av planen.

Ei småbåthamn har mange fordelar framfor naustområde. For det første får ein fleire båtplassar for kvar meter strandsone som vert bygd ned, då anlegga kan gå lengre ut i vatnet. Småbåthamner er fellesanlegg, og er difor mindre privatiserande enn naust, der kvart naust har sin eigar. Fleire brukarar på eit lite område gjer at det er fleire som kan dele på kostnadane med teknisk infrastruktur til området. Felles lagerbygg gjer at ein kan utnytte arealet på land meir effektivt. Ein kan og vurdere å tilby dusj, toalett, fasilitetar for vedlikehaldsarbeid og liknande dersom det er ønskjeleg.

Kommunen må sikre at det er tilstrekkeleg med båtplassar nær buområde og område for fritidsbustader i kommunen. Dette gjeld både eksisterande busettader og nye område som vert lagt inn i kommuneplanen. Der det er mogleg bør småbåtplassane samlast i større anlegg. Kommunen skal vurdere enkeltinnspel, men bør i tillegg vurdere kor det er mogleg og naudsynt å plassere større anlegg.

Tysvær kommune har som mål at det skal kunne etablerast større småbåtanlegg i alle oppvekst- og bustadområda (fjordane) i kommunen. I den samanheng er kommunen positiv til at det kan etablerast marina/serviceanlegg på aktuelle stader. Det vert lagt til grunn at desse må ha universell utforming, med god tilkomst og parkering.

Forslag til område for naust og småbåthamner vil verte vurdert etter følgjande kriteria:

- Storleik: Er det samsvar mellom storleiken på anlegget og tal på bustader/fritidsbustader i området? For små eller for store anlegg vil verste foreslått endra eller avvist. Naustområde i område med meir enn 7-8 bustader/fritidsbustader vil som hovudregel verste avvist eller foreslått endra til småbåtanlegg.
- Naustområde bør/kan også gjelde båtstøer/sjøhus på større eideomar og gardsbruk, og då med færre naust enn i naustmiljø.
- Nausbod/sjøbu for oppbevaring av reiskap skal drøftast i plangjennomgangen. Dette kan vera aktuelt som tiltak i naustområde og ved småbåtanlegg.
- Kan anlegget utvidast/byggast ut etappevis i takt med utbygging i nærområda.
- Tilgang frå land: Er det mogleg å sikre trygg tilkomst for gåande, syklande og køyrande? Det er ikkje ønskjeleg med bratte, svingete tilkomstvegar, og det må vere mogleg å etablere ein trygg avkjørsel.
- Tilgang frå sjø: Er det trygg og sikker tilkomst for alle som skal inn og ut frå eigen båtplass? Kan det oppstå konfliktar som kan føre til ulykker? Dette gjeld både internt i småbåthamna og i forhold til bruken av sjøområda i nærleiken.
- Avstand til akvakulturanlegg og anna næringsverksemd.
- Tryggleik, vêrforhold, straumforhold m.m.: Er det mogleg å sikre båtplassane slik at det ikkje vil oppstå store materielle skadar ved storm, springflod og anna ekstremvær?
- Ikkje i område med automatisk freda kulturminne. I område regulert til spesialområde bevaring og nærområda rundt bør en vurdera om bygging vil redusere området sine verneinteresser. I område merka med omsynssone kulturmiljø bør ein vere varsam med å tillate bygging. Utviding av historiske naustmiljø bør bare tillatast dersom det byggar opp om det eksisterande miljøet.
- Lokale omsyn: Er det særlege lokale forhold som gjer at ein bør sjå vekk frå eit eller fleire av dei generelle utvalskriteria?
- Alternativ i same område: Dersom det

kjem innspel om fleire område for naust og småbåthamn i same område bør ein sjå desse i samanheng og velje det alternativet som vil fungere best og som kan tilby båtplass til alle som kan vere interessert. I slike område bør ein alltid velje småbåthamn framfor naust. Dersom det er vanskeleg å skilje alternativa bør det utarbeidast KU og ROS for alle aktuelle alternativ.

FRITIDSBUSTADER

Tysvær er ein kommune med mange flotte stader for rekreasjon og fritidsaktivitetar. Kommunen ligg sentralt plassert mellom Haugesund og Stavanger, og har ei lang kystlinje. Det er mange som ønskjer seg ein fritidsbustad ved ein av dei mange fjordane. Kommunen har mange områder som er veleigna til fritidsbustader, men manglar ein strategi for å ta vare på dei kvalitetane som gjer områda attraktive. Mange av dei attraktive sjønære områda er allereie utbygde. Ny hyttebygging må skje slik at kvalitetar i området vert tatt vare på og utvikla, og at omsynet til dei fastbuande vert ivaretatt. Hyttebygging er blitt for dei mange, men det er få godkjente hytteområde tilgjengeleg i kommunen i KP 2012.

	Tal fritidsbygg i Tysvær	Nye hytter
1998	1213	
1999	1246	33
2000	1257	11
2001	1268	11
2002	1269	1
2003	1284	15
2004	1290	6
2005	1295	5
2006	1298	3
2007	1305	7
2008	1318	13
2009	1327	9
2010	1333	6
2011	1353	20
2012	1358	3
2013	1366	8
2014	1366	0
2015	1368	2

Bygg med fleire bueininger vert rekna som eit bygg. Kjelde: SSB Tabell: 05467 per 1.1.

Tabellen over viser utvikling i tal fritidsbygg i kommunen dei siste åra. Det har blitt bygd 153 nye fritidsbygg dei siste 15 åra, om lag 10 i året. I tillegg er det ein del heilårsbustader som vert bruk til fritidsføremål. Årleg krev kommunen inn renovasjonsgebyr for om lag 1500 fritidsbustader. Hyttene er stort sett bygde spreidd eller på små regulerte eller uregulerte hyttefelt. I medhald av pbl2008 skal nye hytter byggast på områder avsette til arealformål fritidsbustader. For planperioden 2015-27 bør det fastsetjast ei ramme for oppføring av nye hytter. Deretter må omfanget av areal avsett til føremålet dimensjonerast i samsvar med ramma.

Ein av grunnene til at det ikkje er bygd fleire hytter i kommunen dei siste åra kan vere den restriktive hyttepolitikken som har vært ført sidan KP2007 vart vedteken. Det er grunn til å tro at fleire vil vurdere ein fritidsbustad i kommunen dersom det vert fleire tilgjengelege hyttetomter. Samtidig bør ein ikkje legge ut så mange hyttefelt at ein fortsatt får spreidd hyttebygging. Eit utgangspunkt kan vere om lag 40 hytter i året, totalt 480 i løpet av planperioden. Det bør ikkje settast av meir enn 1,5 dekar per hytte. Totalt bør ein dermed ikkje opne for særleg meir enn 720 dekar til hytteområde i planperioden.

Kvalitetar i nærområdet er ein viktig faktor for ein attraktiv fritidsbustad. Det er individuelt kva for kvalitetar ein vektlegg, men nokre kvalitetar går igjen, til dømes: gode sol- og vindforhold, utsikt, gangavstand til badeplass og båtplass, kort veg til attraktive turområde, tilgang på infrastruktur som vatn, kloakk, strøm og internett, moglegheit for å kunne køyre fram til hytta. Område som kan tilby mange av desse kvalitetane bør prioriterast framfor område med få eller ingen.

Område med gode solforhold kan finnast nesten overalt i kommunen. Dei andre kvalitetane krev ein meir strategisk utbygging. For å kunne tilby god infrastruktur bør ein bygge tett, då er det fleire som kan dele på rekninga. Sjølv om Tysvær har ei lang kystlinje er det mange område som ikkje er tilgjengelege, både på grunn av terren og eksisterande bygg. Sjønære hyttefelt bør som hovudregel plasserast utanfor funksjonell strandsone, men i område der det er mogleg å tilby både badeplassar og båtplassar i gangavstand frå feltet. Tilkomst til båt- og badeplassar bør leggast slik at dei attraktive sjønære områda er tilgjengelege for alle, ikkje berre dei som oppheld seg i hyttefeltet. Dette kan til dømes gjerast ved

at tilkomstvegen til sjøen går utanom hytteområda framfor gjennom dei.

For mange er hytteliv og båtliv tett bunden saman. For å hindre at den tilgjengelege strandsonen vert fylt med småbåtar, bør det leggast til rette for småbåtanlegg i tilknyting til hytteområda. Småbåtanlegga må ha ein kapasitet som står i forhold til tal på hytter i området. Dette betyr ikkje nødvendigvis ein båtplass per hytte, for det er ikkje alle som ønskjer seg eigen båt, og det er ikkje ønskeleg å fylle kystlinja vår med overdimensjonerte småbåtanlegg. Samstundes må ein og prøve å unngå lange ventelister. Storleik på småbåtanlegget bør vurderast opp mot avstand frå alternative anlegg.

Tysvær har eit sjønært utbyggingsmønster, men det betyr ikkje at alle attraktive hytteområder ligg ved sjøen. Område som ligg meir enn 1 km frå sjøen er ikkje så sjønære at kommunen vil krevje tilgang til båtplassar rett i nærleiken. For slike felt vil det i dei fleste tilfelle vere naudsynt å kjøre for å komme seg til båtplassen, og dei som ønskjer seg båtplass kan søke om plass i ei av småbåthamnene i kommunen på lik linje med fastbuande og andre interessentar.

Det er ønskeleg å prioritere hyttefelt med plass til minimum 20-30 hytter. Nye hyttefelt med mindre enn 15 hytter bør unngåast. Kommunen kan likevel opne for mindre hyttefelt dersom desse vert samla i klynger. Slike klynger bør ha felles anlegg for renovasjon og anna teknisk infrastruktur. Er klynga sjønær bør den ha felles anlegg for småbåtar. Alle hyttefelt innafor ei klynge skal vere i rimelig gangavstand frå einannan.

Nye hyttefelt bør lokaliserast slik at dei ikkje kjem i konflikt med lokale heilårsbustader. Sjølv om ein del heilårsbustader i kommunen vert nytta til fritidsbustader, er det ikkje ønskeleg at hytter i hyttefelt vert tatt i bruk til heilårsbustader. Det vert stilt ei rekke krav til heilårsbustader som ein ikkje treng å ta omsyn til når ein vurderer hytteområde, til dømes trygg skuleveg, nærliek til arbeidsplassar, krav til leikeplassar og felles uteareal og så vidare. Eit hyttefelt krev langt mindre av både sosial og teknisk infrastruktur enn det eit bustadfelt gjer. Fordelen med dette er at ein står langt friare til å lokalisere hyttefelta til område med høg rekreativ verdi.

Nye hyttefelt bør som hovudregel ikkje leggast innanfor funksjonell strandsone. Dette for å sikre at tilgangen til sjøen vert god for alle, og at

kvalitetane som gjer det attraktivt å skaffe seg ein fritidsbustad i området ikkje vert nedbygd. Dersom det skal opnast for bygging innanfor funksjonell strandsone må det stillast krav til at reguleringsplanen viser ein plassering av hyttene som ikkje reduserer strandsonekvalitetane i området. Geografisk bør nye hyttefelt ligge i området mellom Hervik og Skjoldastrumen, og frå Skjoldastrumen til Nedstrand.

Kommunen har ei rekke hytteområde med godkjent plan som ikkje er vist i kommuneplankartet. Det er behov for å gå gjennom og kartfeste alle godkjente hytteplanar. Dei eldre planane har som hovudregel dårlig kartgrunnlag og vase føresegner. Felta er bygd ut, og kommunen er ikkje kjent med planar om fortetting. Desse hytteområda er det mest naturleg å vise som LNF-område der spreidd hyttebygging er tillate. Dei kan visast med godkjent reguleringsplan. Kommunen kan lage generelle, utfyllande føresegner som kan nyttast der reguleringsplanføresegnene ikkje er tilstrekkeleg konkrete. Desse føresegnene kan og nyttast for hytter i LNF-område utan reguleringsplan.

Nyare hytteområde er det meir naturleg å vise som byggeområde for fritidsbustader. Her er kartgrunnlag og føresegner betre, og i nokre av felta vert det fortsatt bygd. Basert på den generelle kvaliteten på planane bør planer frå 1999 eller tidlegere verte vist som LNF-område der spreidd hyttebygging er tillate, mens planer frå 2000 eller nyare vert vist som byggeområde for fritidsbustader. Dersom det er ønskjeleg å fortette i eldre hyttefelt kan ein søke om å få vist desse som byggeområde for fritidsbustader. Mogleg fortetting konsekvensutgreiast på lik linje med andre innspel om endra arealbruk, og det vil verte stilt krav om ny reguleringsplan før ein kan fortette. Fortetting av hyttefelt kan skje i alle delar av kommunen.

Fleire av dei eldre hyttefelta ligg innanfor funksjonell strandsone. Då det er ønskjeleg med dette hyttefelt bør ein vurdere å opna for fortetting også i desse felta, på følgjande vilkår: Nye hytter skal ikkje ligge nærmare sjøen enn eksisterande hytter, og skal ikkje redusere tilgangen til sjøen for nokon. Eventuell utviding av feltet skal skje på den sida av feltet som vender vekk frå sjøen. Det må vere båtplass for nye hytter i eksisterande småbåtanlegg, men dersom forholda ligg til rette for det kan ein opna for utviding av anlegget for å få tilstrekkeleg kapasitet. Det må settast ei byggegrense som sikrar at tilgjengeleg strandsone

ikkje vert bygd ned.

Tysvær kommune har tidlegare praktisert ei ordning med såkalla hytterettar knytt til gards og bruksnummer, og nokon "frie hytterettar". I KP2007 varsla ein at desse skulle ut av plansystemet på sikt, og nye søknadar om å få bygge hytte basert på hytterettar vart handsama som dispensasjonssakar. I KP2012 vart hytterettane tatt heilt ut av kommuneplanen. Bruken av hytterettar har ført til ein svært spreidd hyttebygging i kommunen. Det er ikkje ønskjeleg å legge til rette for ein fortsatt spreidd hyttebygging, og søknadar om å få etablere hyttefelt på bakgrunn av gamle hytterettar bør difor vurderast etter dei same kriteria som alle andre innspel.

Moglege hyttefelt i kommunen vert vurdert etter følgjande krav:

- Utanfor funksjonell strandsone. Funksjonell strandsone vil seie så langt landområdet naturleg er knytt til sjøen. Kartlegging av funksjonell strandsone vil vere ein del av kommunens analysegrunnlag. Det kan vurderast å opne for hyttefelt innanfor funksjonell strandsone dersom det vert lagt føringar for området som sikrar at krava i pbl §1-8 om strandsonen vert ivaretatt.
- Ikkje på dyrka/dyrkbar mark eller på innmarksbeiter. Kommunen har nyleg oppdatert gardskart som viser jordbruksområde. Jordbruksareal bør ikkje omdisponerast med mindre det ligg sterke samfunnsomsyn til grunn.
- Ikkje innanfor eller tett opp til kjerneområde landbruk.
- Ikkje i område med automatisk freda kulturminne. I område regulert til spesialområde bevaring og nærområda rundt bør en vurdera om hyttebygging vil redusere området sine verneinteresser. I område merka med omsynssone kulturmiljø bør ein vere varsam med å tillate hyttebygging.
- For sjønære hytteområde bør det vere småbåtanlegg i nærleiken. Tal på båtplassar må vere tilpassa storleiken på hytteområdet.
- Gode solforhold. Område der det vil vere vanskeleg å få gode solforhold på alle tomtene bør unngåast.

- Tilgang til kommunal infrastruktur. Område der kommunen kan tilby infrastruktur vert prioritert. Det same vert område der kommunen har planar om å leggje ny infrastruktur dei neste tolv åra.
- Det er ikkje ønskeleg med blanda felt med nokre fastbuande og nokre hytter. I område med fastbuande bør ein vere restriktive med hyttefelt. Hyttefelt kan tillatast dersom det er eit naturleg skilje mellom område for fastbuande og område for hytter.

Eksisterande hyttefelt kan fortattast dersom dei tilfredstillar krava over. I eksisterande hyttefelt innanfor funksjonell strandsone kan det opnast for fortetting dersom dette ikkje reduserer ålmenta si tilgang til sjøen.

REISELIVSANLEGG

Med reiselivsanlegg meinast utleigehytter, campingplass, leirplass, hotell, bevertning og område med aktivitetar retta mot turistar og tilreisande. Gode reiselivsanlegg har mange av dei same kvalitetane som gode fritidsbustader. I Tysvær er det tilgang på sol og sjø som er det viktigaste. Område for fritidsbustader og område for reiselivsanlegg må difor sjåast i samanheng.

Område for utleigehytter og område for private fritidsbustader bør i stor grad handsamast etter dei same kriteria. Det er dei same kvalitetane som gjer det attraktivt å vere på hytta om ein eiger eller leier. Hybridløysingar som "sales – leaseback", hytter som vert selt med utleigeklausul, gjer det vanskeleg å skilje mellom dei to arealformåla. Utleigehytter kan vere god attåtnæring for lokale bønder. For denne typen aktivitet kan 15 hytter vere i meste laget, og det bør vere opning for mindre anlegg.

Dersom ein ønsker å leige ut hytter med båt må ein sikre at det er båtplassar nok i nærleiken. Dersom hyttene ligg slik til av det ikkje er ønskeleg å kombinere hytteutleige og båtutleige bør det vere mogleg å drive med hytteutleige utan å tilby båtar. Folk vil truleg ikkje vere villig til å gå like langt frå ein utleigehytte som frå si eiga hytte for å komme til sjøen.

Reiselivsanlegg er ein vid kategori, og det er vanskeleg å finne eintydige kriteria for vurdering. Det bør likevel leggast vekt på følgjande:

- Område nær eksisterande bygder vert prioritert.
- Tiltaket bør kunne skape vekst og arbeidsplassar i kommunen.
- Det er ønskeleg med tiltak med moglegheit for heilårs drift.
- Tiltaket skal ikkje redusere ålmenta si tilgang til strandsona og attraktive friluftsområde.
- For utleigehytter gjeld dei same krava som for fritidsbustader, med unntak av storleik og tilgang til båtplassar.
- Ikke i område med automatisk freda kulturminne. I område regulert til spesialområde bevaring og nærområda rundt bør en vurdera om bygging vil redusere området sine verneinteresser. I område merka med omsynssone kulturmiljø bør ein vere varsam med å tillate bygging.

SJØNÆRE OVERNATTINGSPLASSAR:

Tysvær kommune ønsker å vere ein attraktiv kommune for reiseliv og turisme. For å oppnå dette, er det viktig å kunne tilby attraktive overnattingsplassar for turistar. Kommunen ønsker derfor å opne for sjønære overnatningsplassar som ein del av reiselivstilbodet i kommunen. Med sjønære overnatningsplassar meinast bygg med mulighet for overnatting, og som ligg mindre enn 25 meter frå sjøen.

Tysvær er, i følgje "Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av standsonen langs sjøen", ein kommune der presset på areala er stort. Det betyr, i følgje planretningslinjene, ikkje nødvendigvis at presset er stort i heile kommunen, det kan knytte seg til enkelte attraktive områder langs kysten. For å sikre at intensjonane i dei statlege planretningslinjene vert ivaretatt, er det viktig å forankre sjønære overnatningsplassar i kommuneplanen. Ein må finne områder der sjønære overnatningsplasser ikkje reduserer tilgangen til den attraktive delen av strandsona, og der kommunen ønsker å legge til rette for reiselivsnæringa. Nærare føringar for utforming og utnytting av desse områda må forankrast i kommuneplanføreseggnene.

Område der ein opnar for sjønære overnattingsplassar må vere trygge og tiltaket må ikkje redusere tilgangen på strandsona for ålmenta. Rådmannen tilrår at følgjande føresetnader vert lagt til grunn:

- Overnattingsplassane skal vere ein del av eit større reiselivsanlegg. Frittståande overnattings-plassar som ikkje ligg i tilknyting til eit eksisterande eller planlagt anlegg er ikkje ønskeleg.
- Reiselivsanlegget skal ha fellesareal i strandkanten, som er tilgjengeleg for alle brukarane av anlegget.
- Dersom terreng og eksisterande bygg gjer det muleg å gå tur langs strandkanten forbi området for dei sjønære overnattingsplassane, skal det etablerast ein tursti /turveg i framkant av overnattingsbygga.
- Underkant golv på alle opphaldsrom skal vere minimum 2,5 moh. Om muleg skal bygget trekkast så langt frå vasskanten at heile bygget ligg meir enn 2,5 moh. Dersom delar av bygget skal ligge lågare enn 2,5 moh. må det dokumenterast tilstrekkeleg sikring med tanke på ekstremver og stormflo.

KJERNEOMRÅDE LANDBRUK

Kommunen skal vurdere kva landbruksområde i kommunen som skal få eit særleg vern mot nedbygging i form av ein omsynssone som visar kjerneområde for landbruk. Følgjande kvalitetar vil bli vektlagt:

- Store, samanhengande landbruksområde
- Dyrka mark med god kvalitet
- Aktive gardsbruk
- Liten grad av nedbygging
- Mogleg å drive eit effektivt, framtidsretta landbruk

I område med kjerneområde landbruk skal det vere vanskeleg å få løyve til alle tiltak som ikkje er knytt til gardsdrift i området. Ein skal vere særleg varsam med tiltak som omdisponerer landbruksjord, eller som kan føre til press for å omdisponere landbruksjord. Det bør ikkje opnast for hyttebygging i eller i nærleiken av

kjerneområde for landbruk.

KULTURMINNER OG KULTURMILJØ

Kommunen arbeider med ein ny kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljø. Konklusjonane frå dette planarbeidet bør inkluderast i arealdelen av kommuneplanen for å sikre at det vert tatt omsyn til både kulturminner og kulturmiljø ved handsaming av reguleringsplanar og byggesakar. Følgjande tema må kartfestast med tilhøyrande føresegner og retningslinjer.

- Automatisk freda kulturminner
- Vedtaksfreda kulturminner
- Nyare tids kulturminner
- Viktige kulturmiljø rundt kulturminner

KOMMUNALE BEHOV OG OVERORDNA INFRASTRUKTUR

Samfunnsdelen av kommuneplanen omtaler planer og behov ved resultatområda i kommunen. Som ein del av vurderinga av framtidige behov må ein å sjå på om det er behov for å sette av areal i kommuneplanen. Dersom kommunen får så høg vekst som KP2012-24 legg opp til vil det vere behov for auka kapasitet for barnehage, skule, idrett, omsorgsbustader, helsetenester og anna offentleg tenesteyting. For at kommunen raskt skal kunne auke kapasiteten på tenestene når behovet oppstår, er det viktig at ein har avsett areal til dei ulike formåla i kommuneplanen. Ved å vurdere alternativ og konkludere med ei plassering i kommuneplanen vil ein raskt kunne starte planlegging og prosjektering av utvidingar og nye prosjekt. Alle resultatområdeleiarane vil verte bedt om å vurdere og spele inn sine arealbehov i dei ulike delane av kommunen. Ettersom bustad ikkje er tema i denne kommuneplanrulleringa kan ein nytte bustadareal i KP2012-24 når ein skal berekne folkeauken framover. Overordna utbyggingsstrategi som er under utarbeiding vil vere viktig for å kartleggje eventuelle nye behov.

Vegvesenet har ansvaret for stamvegane E134 og E39 som går gjennom kommunen. I samband med at dei utgreier ny trase for E134 vart fleire mindre områder i Førre-Frakkagjerdområdet bandlagt i påvente av vedtak etter plan- og bygningslova eller anna lovverk. Dette er ei midlertidig bandlegging avgrensa til fire år, med moglegheit for å forlenge fristen med fire år dersom ein søker Miljøverndepartementet. Kommunen reknar med at

vegvesenet har bestemt seg for val av ny trase før ny kommuneplan skal vedtakast. Kommunen kan da legge inn framtidig trase som ein omsynssone for framtidig infrastruktur, slik ein har gjort langs E39.

VEDLEGG 2: METODE FOR KU OG ROS

Alle innspele om endra arealbruk som skal behandlast av kommuneplanutvalet vil verte vurdert med omsyn til nåverande verdiar knytt til samfunn og miljø, konsekvensar av tiltaket, og risiko og sårbarheit knytt til området. Det er kommunen som skal gå inn og vurdere områda, slik at alle områda vert vurdert likt. Dersom det er nødvendig for utgreiinga kan kommunen be om utfyllande opplysningar frå forslagstiller.

I tillegg til utgreiing av enkeltinnspele skal kommunen utarbeide ein heilskapleg KU og ROS som viser dei samla konsekvensane av dei endringane i arealbruken kommunen foreslår. Tema for den overordna analysen vil vere dei same som for enkeltinnspele, men ein vil i større grad basere seg på omtale framfor skjema med poengsetting, då skjema først og fremst er veleigna for geografisk avgrensa område.

Nedanfor følgjer en omtale av kriteria som vert lagt til grunn for vurdering av enkeltinnspele. Ikkje alle tema vil vere like aktuelle for alle område.

NÅVERANDE VERDIAR KNYTT TIL SAMFUNN OG MILJØ

For kvart forslag til endra arealbruk er noverande verdiar knytt til samfunn og miljø vurdert. Det vil seie at det er forsøkt sett ein verdi på området slik det ligg inne i gjeldande plan. Det er nytta fire grader av verdi:

- 0: Ingen spesiell verdi
- 1: Lokalt viktig
- 2: Viktig
- 3. Regionalt eller nasjonalt viktig

Som tabell 1 viser er verdsetjinga gjort ut frå følgjande tema:

TABELL 1: NÅVERANDE VERDIAR KNYTT TIL SAMFUNN OG MILJØ

Tema	Kommentar
Transport og infrastruktur	Er det viktige transportårer for harde eller mjuke trafikantar gjennom eller forbi området.
Landbruk, fiskeri	Faktorar som har talt med er til dømes: Er det dyrka eller dyrkbar jord i området, er det viktige skogsressursar, har området beiteverdi, er det ein del av kjerneområde landbruk, eller vert området nytta i samband med yrkesfiske.
Rekreasjon og helse	Lokalkjennskap er viktigaste kjelda til verdifastsetjinga. Turområde, badeplassar, område for båtfart er viktige kriterium i vurderinga.
Barn og unge	Lokalkjennskap er viktigaste kjelda. Viktige kriterium er om områder er nytta til leik, bading eller anna bruk av barn og unge. Kommunen har til nå ikkje gjennomført registreringar av barnetråkk.
Naturgrunnlag og biologisk mangfald	Det vert nytta registreringar lagra i dei ulike databasane som kommunen har tilgang til, samt til ein viss grad lokal kjennskap til emnet.

Tema	Kommentar
Landskap, kulturlandskap	Faktorar som teller her er til dømes nærliek til sjø, ferskvatn og vassdrag, der urørte områder innanfor 100-metersbeltet vert tillagt særleg høy verdi. Vidare er det faktorar som viktige kulturlandskap, registreringa "vakre landskap" (Rogaland fylkeskommune), grad av urørt natur m.m. faktorar som spiller inn.
Kulturminne og kulturmiljø	Registreringar i Askeladden, kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø, i tillegg til lokalkunnskap.
Miljøkvalitet i jord, vatn og luft	Er det særlege miljøkvalitetar i området som ein bør verne om

VURDERING AV KONSEKVENSAR FOR MILJØ OG SAMFUNN

Hensikten med ei konsekvensutgreiing er å evaluere kva konsekvensar tiltaket vil ha for lokalmiljøet, og kva konsekvensar lokalmiljøet vil ha for tiltaket. Utgreiinga tar og for seg konsekvensane for kommunen som heilskap, mellom anna i form av måloppnåing og investeringsbehov.

Det er identifisert ei rekke faktorar der ein ønskjer å måle tiltakets konsekvens. Kvar faktor blir målt etter følgjande skala:

-2: Svært negativ konsekvens

-1: Negativ konsekvens

0: Ingen konsekvens. Nyttast og for faktorar som ikkje er relevant for tiltaket.

+1: Positiv konsekvens

+2: Svært positiv konsekvens

Faktorar med positiv eller negativ konsekvens skal kommenterast slik at ein lett kan identifisere problemstillingar. Utfyllande kommentarar kan gjerast i tiltakets heilskapsvurdering. Faktorar utan konsekvens kan kommenterast dersom det er relevant for tiltaket.

Tabell 2 gir ein oversikt over kva som ligg i dei ulike KU-kategoriane og kva som er hovudkjelder for vurderingane. Kommunen kan innhente opplysningar frå andre kjelder dersom det er nødvendig for å belyse tiltaket tilstrekkeleg. Kommunen vil gå ut og be om innspel frå publikum for å kartlegge attraktive turmål i kommunen. Desse innspela vil bli nytta som ein del av informasjonsgrunnlaget for tema som angår aktivitet og friluftsliv. Temakart Rogaland blir nytta som hovudkjelde for temakart.

TABELL 2: VURDERING AV KONSEKVENSAR FOR MILJØ OG SAMFUNN

KU – kategori	Kva vurderast	Hovudkjelde
SAMFUNNSMESSIGE FORHOLD		
Målloppnåing		
Mål i kommuneplanen	Er tiltaket i tråd med vedtekne strategiar i kommunen.	Kommuneplanens samfunnsdel, vedtatt arealstrategi, andre kommunale planar
Fylkesdelplanar / regionalplanar	Er tiltaket i tråd med overordna planar.	Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet, andre relevante planar
Transport og infrastruktur		
Kapasitet hovudvegnett	Vil tiltake medføre økt trafikkbelastning	Omtale av tiltaket

KU – kategori	Kva vurderast	Hovudkjelde
Tilkomstveg	Vil tiltaket krevje ny eller bedra tilkomstveg	Omtale av tiltaket, kart og lokalkjennskap
Gangtrafikk, sykkelbruk	Ligg det til rette for å gå eller sykle til og frå området	Kart og lokalkjennskap
Trafikktryggleik	Vil tiltaket ha konsekvensar for trafikktryggleiken i og omkring området	Omtale av tiltaket, kart og lokalkjennskap
Investering veg	Vil tiltake krevje oppgradering av vegnettet	Seksjon for utbygging og eigedom
Investering vatn, avløp	Er det tilstrekkeleg kapasitet på vatn og avløp i området til å kunne gjennomføre tiltaket	Seksjon for utbygging og eigedom, hovudplan vassforsyning, hovudplan avløp
Landbruk og fiske		
Fulldyrka jord	Tal på dekar som vert omdisponert, er det ein del av eit samanhengande jordbruksområde	Skog og landskap, kartlegging av kjerneområde landbruk, seksjon for areal, landbruk og miljø
Beite	Tal på dekar som vert omdisponert, er det ein del av eit samanhengande jordbruksområde	Skog og landskap, kartlegging av kjerneområde landbruk, seksjon for areal, landbruk og miljø
Skogdrift	Tal på dekar som vert omdisponert, er det ein del av eit større samanhengande skogområde	Skog og landskap, seksjon for areal, landbruk og miljø
Kjerneområde landbruk	Vil tiltaket auke utbyggingspresset i viktige landbruksområde	Eigen kartlegging, seksjon for areal, landbruk og miljø.
Fiske	Er det trålområde, kaste/ låssetningsplasser eller andre yrkesfiskeinteresser i eller ved området	Temakart fiskeridirektoratet
Rekreasjon og helse		
Regionale friluftsområde	Vil tiltaket ha konsekvensar for regionale friluftsområde.	FINK
Lokale friluftsområde	Vil tiltaket ha konsekvensar for områder som vert nytta til rekreasjon og friluftsliv	Kommuneplanen, innspel frå publikum, kulturavdelinga
Leikeområde, barnetråkk	Vert område nytta til leik eller liknande.	Innspel frå publikum, kulturavdelinga
Fysisk aktivitet, aktiv livsstil	Vil tiltaket kunne påverke aktivitetsnivået for folk i området	Kart, lokalkjennskap, innspel frå publikum
Tilgjenge for alle	Vil tiltaket påverke kor tilgjengelege attraktive turområdar er. Universell utforming	Innspel frå publikum, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

KU – kategori	Kva vurderast	Hovudkjelde
Betydning for barn og eldre	Vil tiltaket ha særlege konsekvensar for barn og eldre	Barnas representant, eldrerådet
Bumiljø	Vil tiltaket ha konsekvensar for bumiljøet i området.	Omtale av tiltaket, lokalkjennskap
MILJØMESSIGE FORHOLD		
Naturgrunnlag, biologisk mangfald og kulturminne		
Strandsone langs sjø	100-metersbeltet og funksjonell strandsone	Kart, analysearbeid, innspel frå publikum
Strandsone langs innsjø og vassdrag	Avstand til vatn og funksjonell strandsone	Kart
Vassforsyning	Vil tiltaket påverke drikkevatn eller nedslagsfelt	Kommuneplankarta, seksjon for drift og vedlikehald
Kultur- og naturlandskap	Vil tiltaket ha konsekvensar for landskapsrommet	Temakart, vakre landskap i Rogaland, analysearbeid, lokalkjennskap
Naturtype og inngrepsfrei natur	Er området registrert som viktig naturområde	Temakart, kommuneplankarta
Biologisk mangfald	Raudlisteartar, viktige områder for ulike artar	Temakart
Kulturminne	Freda og verna kulturminne, viktige kulturmiljø.	Askeladden, kulturavdelinga, kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø.
Miljøkvalitet i jord, vatn og luft		
Radon	Er det områder i nærleiken der det har blitt registrert for høge verdiar av radon	Målingar ved skulane
Forureina grunn	Har det vært aktivitet i området som kan ha forureina grunnen. Kan tiltaket medføre forureining av grunnen	Lokalkjennskap, omtale av tiltaket
Miljøkvalitet i vatn	Kan tiltaket ha konsekvens for miljøkvaliteten i vatn og sjø i nærområdet.	Omrale av tiltaket
Vegtrafikkforureining	Ligg tiltaket slik at det vil påverkast av vegtrafikkforureining	Kart
Støy	Ligg tiltaket i eit område med støyutfordringar frå veg eller industri. Vil tiltaket medføre støy	Støysonekart, lokalkjennskap, omrale av tiltaket.
Elektromagnetisk felt (høgspent)	Er det høgspentleidningar eller liknande som kan påverke tiltaket	Kart

Følgjande tema vart vurdert i kommuneplan 2012-24, men er no tatt ut: Eigna for utbygging (del av vurderinga, men ikkje tema for utgreiing), kapasitet skule og barnehage (fordi bustad ikkje er tema i denne revisjonen), geologi, sand og grus (del av ROS), avfall og energi (manglar vurderingskriterium). I tillegg er innsjø langs vassdrag og innsjø slått saman, det same er naturtype og inngrepsfrei natur, og biologisk mangfald og vilt- og fiskeforvaltning.

VURDERING AV RISIKO OG SÅRBARHEIT (ROS)

Formålet med ein risiko- og sårbarheitanalyse er å identifisere potensielt negative hendingar. Deretter blir hendingane vurdert med tanke på sannsyn (tabell 3) og konsekvens (tabell 4). I tabell 5 er sannsyn og konsekvens stilt opp mot kvarandre for å gi inntrykk av kor alvorleg hendinga er.

Metodikken omtalt under er henta frå direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap sin temavegledar om samfunnssikkerheit i arealplanlegging. Det skal utarbeidast ei overordna kartlegging av risiko og sårbarheit for heile kommunen. I samband med dette kan det kome meir utfyllande akseptkriterium. Det kan og hende at andre hendingar enn dei som er omtalt under vil verte inkludert i analysen. Det er den overordna kartlegginga av risiko og sårbarheit i kommunen som vil ligge til grunn for vurdering av innspeil til kommuneplanen.

TABELL 3: VURDERING AV SANNSYNLIGHET

Grad av sannsynlighet	Omtale
1. Lite truleg	Mindre enn ein gong i løpet av 50 år
2. Mindre truleg	Mellan ein gong i løpet av 10 år og ein gong i løpet av 50 år
3. Truleg	Mellan ein gong i løpet av eit år og ein gong i løpet av 10 år
4. Svært truleg	Meir enn ein gong i løpet av eit år

TABELL 4: VURDERING AV KONSEKVENS

Grad av konsekvens	Omtale
1. Ufarlig	Ingen personskadar, ingen direkte skader på miljøet. System vert sett midlertidig ut av drift, bare mindre forseinkingar. Ikke behov for reservesystem.
2. Ein viss fare	Få og små personskadar, mindre, lokale skader på miljø. System vert sett midlertidig ut av drift.
3. Kritisk	Alvorlege personskadar. Omfattande miljøskadar med regionale konsekvensar og restitusjonstid < 1 år. Driftstans i fleire døgn.
4. Farlig	Alvorlege personskadar, ein død. Alvorlege miljøskadar med regionale konsekvensar og restitusjonstid > 1 år. System vert sett ut av drift over lengre tid. Andre avhengige system vert midlertidig råka.
5. Katastrofalt	Ein eller fleire døde. Svært alvorlege og langvarige miljøskadar, uoppretteleg miljøskade. Hovud- og avhengige system vert sett permanent ut av drift.

TABELL 5: MATRISE SOM VISER PRINSIPPET FOR SAMANSTILLING AV SANNSYNLIGHET OG KONSEKVENS

Grønn - akseptabel risiko

gul - tiltak bør vurderast

rød - ukseptabel risiko, risikoreduserande tiltak nødvendig

Konsekvens Sannsynlighet	1. Ufarlig	2. Ein viss fare	3. Kritisk	4. Farlig	5. Katastrofalt
4. Svært truleg	5	6	7	8	9
3. Truleg	4	5	6	7	8
2. Mindre truleg	3	4	5	6	7
1. Lite truleg	2	3	4	5	6

Riskoreduserande tiltak

Riskoreduserande tiltak betyr tiltak som reduserer sannsyn (førebyggande) eller konsekvensreduserande tiltak (beredskap) som kan redusere risiko, f.eks. frå raud sone og ned til meir akseptabel gul eller

grøn sone i risikomatrisa. Dei risikoreduserande tiltaka medfører at klassifisering av risiko for ei hending vert skyvd vertikalt eller horisontalt i matrisa. Når risikoreduserande tiltak skal vurderast skal sannsynsreduserande tiltak vurderast først. Dersom ein ikkje oppnår effekt av dette, eller dersom det ikkje er mulig, skal ein vurdere tiltak som avgrensar konsekvensen.

Raude hendingar (7-10) - risikoreduserande tiltak er nødvendig

Hendingar som ligg i det raude området i matrisa, gjeld tilhøve som vi på grunnlag av kriteria ikkje kan akseptere. Dette er hendingar som må følgjast opp med risikoreduserande tiltak. Dersom ein ikkje klarer å redusera risikoen til eit akseptabelt nivå skal ikkje tiltaket tillatast.

Gule hendingar (6) - tiltak bør vurderast

Hendingar som ligg i det gule området representerer ein akseptabel risiko, men bør gjevast risikostyring gjennom sikker drift av areala. I mange tilfelle er dette hendingar som ikkje kan førebyggast tilstrekkeleg, men der tiltak bør setjast i verk så langt dette er tenleg med tanke på kost/nytte.

Grøne hendingar (2-5) - akseptabel risiko

Hendingar i den grøne sona i risikomatrisa medfører akseptabel risiko, dvs. at det ikkje er behov for risikoreduserande tiltak. Dersom risikoen for desse hendingane kan reduserast ytterlegare utan at dette krev vesentleg ressursbruk, bør tiltak likevel setjast i verk.

Plassering i risikomatrisa er i nokon grad avhengig av skjønn, sidan kriteria ikkje gir absolutte grenseverdiar. Dersom det er usikkert kor i matrisa ein skal leggje seg, bør ein alltid velje det verst tenkelege scenarioet.

Tabell 6 gir ein oversikt over kva for hendingar som er vurdert og kva for hovudkjelder som ligg til grunn for vurderingane. Kommunen kan innhente opplysningar frå andre kjelder dersom det er nødvendig for å belyse tiltaket tilstrekkeleg. For alle hendingane skal det vurderast kor vidt faren er tilstade på området. Der det vert vurdert at det er fare tilstade, skal denne vurderast med tanke på risiko og konsekvens som omtalt over. Det skal også kommenterast kva faren består i og kva for tiltak som skal krevjast for å kunne tillate omdisponering av området.

For fare som kan oppstå som ein følge av tiltaket vil omtale av tiltaket vere den viktigaste informasjonskjelda. Dersom kommunen meiner omtalen ikkje belyser moglege faremoment tilstrekkeleg vil kommunen be om ytterligare informasjon frå forslagsstiller.

TABELL 6: VURDERING AV RISIKO OG SÅRBARHEIT (ROS)

Hending	Kva vurderast	Hovudkjelde
NATURFARAR		
Havnivåstigning, stormflo	Vil området påverkast av havnivåstigning eller stormflo	Strandsonekartlegginga, kart med koter
Flaum	Er området utsett for flaumfare, vurderingskriterier: TEK10	Temakart,
Ekstremver, vind, nedbør	Vil tiltaket påverkast av ekstremver	Historiske verdata, temakart
Skred	Er det fare for skred i området, vurderingskriterier: TEK10	Temakart, NVE
Andre geotekniske utfordringar	Byggegrund, jorderosjon, andre geologiske faktorar som kan påverke tiltaket	Temakart
Skogbrann, lyngbrann	Er det fare for skogbrann eller lyngbrann i området	Seksjon for brann og redning

Hending	Kva vurderast	Hovudkjelde
Terrengformasjonar som utgjer særleg fare (stup o.l.)	Er det terrengformasjonar på området der faren for ulykker er større enn normalt.	Kart, lokalkjennskap
Klimaendringar	Vil endringar i klimaet kunne auke sannsyn eller konsekvensar av naturfarane over i så stor grad at ein bør revurdere bruken av området.	
MENNESKE- OG VIRKSOMHETSBASERTE FARAR		
Infrastruktur		
Sikker energiforsyning	Er tiltaket særleg sårbart med tanke på sikker energiforsyning. Finnes det sekundærloysningar dersom primærforsyninga vert satt ut av drift.	Omtale av området. Haugaland kraft vert konsultert dersom tiltaket har særlege behov
Sikker vassforsyning, avløp	Er tiltaket særleg sårbart med tanke på vatn og avløp. Finnes det sekundærloysningar dersom primærforsyninga vert satt ut av drift. Er det tilstrekkeleg tilgang på sløkkevatn i området.	Seksjon for utbygging og eigedom, hovudplan vassforsyning, hovudplan avløp
Anna infrastruktur, gass m.m.	Er tiltaket avhengig av anna infrastruktur	Omtale av tiltaket
Tilgjenge for nødetatar	Kor raskt kan nødetatane ta seg til området. Er det forhold som gjer området særleg utilgjengeleg	Seksjon for brann og redning
Ver/føre som avgrensar tilgang til området	Veg ver eller føre kunne gjere det vanskeleg å kome seg til eller frå området	Kart, lokalkjennskap, seksjon for brann og redning
Trafikkulykker (inkl. båttrafikk)	Er det fare for trafikkulykker, inkludert båttrafikk, som følgje av tiltaket	
Ulykke med farleg gods	Kan det forekome ulykker med farleg gods i eller nær området	
Naboar og tidlegare verksemd som kan påverke området		
Permanent forureining	Kan tidlegare verksemd eller aktivitet rundt tiltaket gjere at området er påverka av forureining	Lokalkjennskap
Akutt forureining	Kan aktivitet i området rundt tiltaket føre til akutt forureining som påverkar tiltaket	Lokalkjennskap
Risikofylt industri m.m. (kjemikaliar, eksplosiver o.l.)	Er det risikofylt industri nær området	Lokalkjennskap
Potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken	Er det potensielle sabotasje- / terrormål nær området	Lokalkjennskap, kommune-ROS
Regulerte vassmagasin med særleg fare for usikker is, endring i vassnivå m.m.	Er det regulerte vassmagasin nær området	Lokalkjennskap, kommuneplankart
Risiko som følge av tiltaket		

Hending	Kva vurderast	Hovudkjelde
Permanent forureining	Kan tiltaket medføre permanent forureining av grunn eller nærområde	Omtale av tiltaket
Akutt forureining	Kan det oppstå akutt forureining som en følge av tiltaket	Omtale av tiltaket
Støy og støv	Vil tiltaket medføre støy og/eller støv	Omtale av tiltaket
Risikofylt industri m.m. (kjemikalier, eksplosivar o.l.)	Medfører tiltaket risikofylt industri	Omtale av tiltaket
Kan tiltaket vere eit potensielt mål for sabotasje eller terror?	Er tiltaket av ein slik art at det må sikrast mot sabotasje eller terror	Omtale av tiltaket
Andre forhold		
Anna	Dersom det er andre lokale forhold eller utfordringar ved tiltaket enn dei som er nemnt over som kan medføre uønska hendingar skal desse omtalast og vurderast som ein del av analysen.	Omtale av tiltaket, lokalkjennskap

Rekkefølgja på opplista forhold er noko endra frå kommuneplan 2012-24. Folkehelse, høgspentleidningar og eksisterande støy og støv er tatt ut av analysen, men er omtalt i konsekvensutgreininga. Vatn, avløp, og kraftforsyning vart vurdert to gonger i den førre analysen, men er no bare vurdert ein gong. Sårbare naboar og ulykker er ikkje lengre eigne punkt, då dei er svært generelle og omhandlar tema som vert meir konkret vurdert i dei andre kategoriene. Kriminalitet vert vurdert til å høyre heime i ein overordna ROS-analyse for kommunen, ikkje som tema for analyse av enkeltområde. Veg, bru og knutepunkt vert heller ikkje tatt med som sjølvstendig tema, då andre tema i KU og ROS tar for seg aktuelle problem i meir detalj. Grunnforhold, geotekniske utfordringar og jorderosjon er no vurdert som to tema; skred og andre geotekniske utfordringar.

OPPSUMMERING

KU og ROS er verktøy for å synleggjere mulige konsekvensar av eit tiltak. Det er fleire andre omsyn som har spela inn i avgjerda om eit innspeil er tatt med eller ikkje, mellom anna kommunens arealpolitikk, regionalplanar m.m. Desse er det gjort greie for i vurderinga, samt eventuell utdjuping av KU og ROS-analysen.



Kommuneplanrevisjon for Tysvær kommune
Vedtatt 08.09.15
Planperiode 2015-2027